

Tilstandsrapport

Vidaregåande opplæring 2015/16



Innhold

Innleiing	2
Samandrag	3
Mål og strategi	6
Nøkkeltal	10
Auka læringsutbytte og fullføring	14
Gjennomføring i vidaregåande opplæring	15
Auka læringsutbytte	32
Gjennomføring i læretida	40
Tiltak for å auke gjennomføringa	49
Læringsmiljø	50
Spesialpedagogisk arbeid	55
Vidaregåande opplæring for vaksne	57

Innleiing

Etter opplæringslova § 13-10 pliktar alle kommunar og fylkeskommunar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Rapporten skal drøftast av skuleeigar, som i Hordaland fylkeskommune er fylkestinget. Målet er at tilstandsrapporten skal ligge til grunn for vurdering, debatt og dialog, og gi skuleeigar eit godt grunnlag for kvalitetsutvikling. Denne rapporten omtalar temaa gjennomføring, læringsutbytte, læringsmiljø, spesialpedagogisk arbeid og vidaregåande opplæring for vaksne.

Datagrunnlag, kjelder og omgrep

Tilstandsrapporten er delt inn i kapittel etter tema. Til grunn for rapporten ligg ulike datakjelder, dokumentasjon, kunnskap og faglege vurderingar frå tilsette på skulane og i opplæringsavdelinga. Dei kvantitative tala i rapporten bygger på data frå Skoleporten, SSB, Vigo og analyseverktøya PULS og Hjernen og Hjertet.

Under følger ein kort presentasjon av tre viktige kjelder: Skoleporten, Elevundersøkinga og rapportering frå skulane.

Skoleporten

Skoleporten er ein sentral del av Utdanningsdirektoratet sitt kvalitetsvurderingssystem. Målet med systemet er at skular og skuleeigar skal få lett tilgang til relevant og påliteleg informasjon til det lokale kvalitetsvurderingssystemet, jf. opplæringslova § 13-10 og forskrift om verksemdbasert vurdering. Skoleporten inneheld data om læringsutbytte, læringsmiljø, gjennomføring i vidaregåande opplæring, ressursar og skulefakta.

Elevundersøkinga

Gjennom Elevundersøkinga får elevane moglegeheit til å seie kva dei meiner om høve som er viktig for trivsel og læring på skulen. Undersøkinga er eit viktig verktøy for vidareutvikling og kvalitetssikring av læringsmiljøet på skulen og inngår som ein sentral del av det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet. Elevundersøkinga blir gjennomført kvart år og er obligatorisk for Vg1. Mange skular vel også å gjennomføre undersøkinga for elevar på Vg2 og Vg3. Ein kan lese meir om Elevundersøkinga på skoleporten.udir.no.

Rapportering frå skulane

Skulane skal i følge forskrift til opplæringslova § 2-1 jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsett i Læreplanverket og Kunnskapsløftet.

Alle skulane leverer kvart år ein tilstandsrapport til opplæringsavdelinga som ein del av VBV-systemet. Dei skulevise tilstandsrapportane skal innehalde rapportering på måloppnåing og korleis skulen vurderer si utvikling i høve til eigne målsettingar og dei prioriterte tiltaksområda i styringsdokumentet.

Hovudmålet med tilstandsvurderingsarbeidet er at skulane sjølve skal få betre grunnlag for å evaluere og planlegge sitt eige utviklingsarbeid. I tillegg er desse tilstandsrapportane ei viktig kjelde til kunnskap på skuleeigarnivå om utfordringar og arbeid med pedagogisk utvikling på skulane. Tilstandsrapportane går inn som ein integrert del av den kvalitative vurderinga i denne rapporten.

Følgande forkortingar blir nytta i rapporten

Utdanningsprogram	
Kode	Beskriving
ID	Idrettsfag
MDD	Musikk, dans og drama
ST	Studiespesialisering
PB	Påbygging til generell studiekompetanse
MK	Medier og kommunikasjon
BA	Bygg- og anleggsteknikk
TIP	Teknikk og industriell produksjon
EL	Elektrofag
NA	Naturbruk
RM	Restaurant- og matfag
HO	Helse- og oppvekstfag
SS	Service og samferdsel
DH	Design og handverk
Trinn	
Kode	Beskriving
Vg1	Vidaregåande trinn 1
Vg2	Vidaregåande trinn 2
Vg3	Vidaregåande trinn 3

Samandrag

Etter opplæringslova § 13-10 pliktar alle kommunar og fylkeskommunar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa, knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Rapporten skal drøftast av skuleeigar, som i Hordaland fylkeskommune er fylkestinget. Målet er at tilstandsrapporten skal ligge til grunn for vurdering, debatt og dialog, og gi skuleeigar eit godt grunnlag for kvalitetsutvikling. Denne rapporten omtalar temaa gjennomføring, læringsutbytte, læringsmiljø, spesialpedagogisk arbeid og vidaregåande opplæring for vaksne.

Auka læringsutbytte og fullføring er hovudmålet for den vidaregåande opplæringa i Hordaland fylkeskommune. All pedagogisk verksemd ved skulane skal bygge opp under hovudmålet. Frå klasserom og verkstad til kontor og andre arenaer skal vi følge opp kva elevane skal lære, vite kva dei har lært og kva ein gjer når dei ikkje lærer det som er forventa til ulike tidspunkt. Det er sett inn styrka innsats for betre gjennomføring gjennom:

- Tidleg og systematisk innsats for å identifisere elevar som står i fare for å ikkje fullføre.
- Tett oppfølging og tilpassa opplæring med fokus på meistring og motivasjon.

Gjennomføring over fem år

For elevkullet som starta i vidaregåande opplæring for første gong i 2010, hadde 71,8 % av elevane fullført og bestått fem år seinare. Dette utgjer ein auke på 2,3 prosentpoeng frå 2009-kullet. I tillegg er resultatata for 2010-kullet det beste i perioden frå 2006, som er den perioden Skoleporten viser data frå.

Av elevane som starta i 2010, var det 12,8 % som anten hadde fullført, men ikkje bestått, eller framleis var i vidaregåande opplæring. 15,3 % av elevane hadde slutta. Dette er også den lågaste sluttprosenten i perioden frå 2006.

Det er betydelege kjønnsforskjellar i gjennomføringsgraden i Hordaland. Totalt sett er det 76,6 % av jentene som fullfører, medan tilsvarande prosentdel for gutane er 67,5. Altså ein differanse på 9,1 prosentpoeng. Brorparten av denne forskjellen ligg på yrkesfag, der 62,8 % av jentene fullfører på fem år, medan det for gutane gjeld 56,6 %.

Når ein ser på kva type kompetanse elevane som starta eit yrkesfagleg løp i 2010 enda opp med fem år seinare, er det store forskjellar mellom utdanningsprogramma. Som i tidlegare kull, er det elevar i fag med lang fagleg tradisjon som i størst grad fullfører med fag- eller sveinebrev. Samla sett på yrkesfag var det 32,5 % av elevane som fullførte med yrkesfagleg kompetanse, i form av fag-/sveinebrev eller yrkeskompetanse med vitnemål.

Kor stor del elevar som gjer ordinær progresjon mellom trinna i vidaregåande opplæring er ein viktig indikator på kor mange som vil fullføre og bestå i løpet av normert tid eller fem år. Når ein samanliknar tal på ordinær progresjon frå førre år, er det ei positiv utvikling. Det er fleire elevar som følger ordinær progresjon og gjer overgang mellom trinna. Den største positive endringa er mellom Vg2 og Vg3, der det er ein auke på 2,3 prosentpoeng som fortset på neste nivå.

Det er framleis likevel i overgangen mellom Vg2 og Vg3 yrkesfag at dei fleste elevane ikkje er registrerte i vidaregåande opplæring etterfølgande år. Den mest kritiske fasen med tanke på auka gjennomføring er med andre ord i overgangen frå å vere elev til å bli lærling.

Av elevane som starta på eit yrkesfag i 2010, hadde 59,1 % av elevane fullført og bestått i løpet av fem år. Totalt 32,5 % av elevane enda opp med yrkesfagleg kompetanse, i form av fag-/sveinebrev eller yrkeskompetanse med vitnemål. Dette betyr at for det samla kullet, er det 17 % som endar opp med ein yrkesfagleg kompetanse.

For 2010-kullet er det ein auke i del elevar som begynte på yrkesfag som slutta undervegs. Dette heng saman med at elevar i HT-grupper no blir ført på det utdanningsprogrammet dei faktisk går, der dei tidlegare blei ført i samlekategorien studieførebuande.

Resultat for skuleåret 2015/16

Når vi ønsker å sjå på resultat for skuleåret 2015/16, og ikkje over ein femårsperiode, brukar vi lokale tal.

82,4 % av elevane i Hordaland fullførte og bestod alle faga sine i skuleåret 2015/16. Dette er ein auke på 3,3 prosentpoeng frå skuleåret 2014/15. Desse tala viser berre til opplæring i skule, og inkluderer ikkje lærlingar. Gjennomføringsgraden står i sterk samanheng med grunnskulepoeng elevane kjem inn med i vidaregåande skule. For dei som har 50 grunnskulepoeng eller meir, fullfører om lag 95 % av elevane, uavhengig av utdanningsretning. For elevane med låge inntakspoeng, er det ein større del av elevane som fullfører og består alle fag på yrkesfaglege utdanningsprogram enn studieførebuande.

Del elevar som får karakteren 1 eller IV (ikkje vurdering) til termin 2 eller standpunkt, samt 1 til eksamen, går ned frå førre skuleår. Det er ikkje store endringar, men utviklinga er positiv. Det er viktig å fortsette å halde fokus på oppfølging av elevar som er i risikograppa for å stryke eller ikkje få karakter.

Oppfølgingstenesta (OT) bidreg aktivt i arbeidet for å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring, der samarbeidet med skulane er viktig. OT formidlar til skulane at dei ønsker at avklaringsamtalane blir gjennomført tidlegare enn dagens praksis, slik at dei kan vere med å finne løysingar for å få eleven til å fortsette opplæringa heilt eller delvis.

Av alle ungdomane som er tilmeldt oppfølgingstenesta er 41 % kome i aktivitet og 23 % er under oppfølging og rettleiing. 11 % er ukjende, som vil seie at OT ikkje har etablert kontakt med ungdomane og ikkje veit kva dei gjer. 25 % er avklart av OT, og er på rapporteringstidspunktet i ein situasjon der opplæring og arbeid ikkje er aktuelt.

Hordaland fylkeskommune deltar frå 2015 i eit nasjonalt forsøk med NAV-rettleiarar i vidaregåande skule. På Årstad vgs er det to NAV-rettleiarar på skulen fire dagar i veka. Her arbeider dei som ein del av elevtenesta. Målet med forsøket er å utvikle tilrettelagte og integrerte tenester og tiltak frå NAV for elevar med sosiale behov.

Læringsmiljø

Mobbeombodet har vore tilsett sidan august 2015, og har styrka Hordaland fylkeskommune sitt arbeid for elevane sitt skulemiljø. I tillegg til å rettleie i konkrete saker, har mobbeombodet gradvis etablert eit godt nettverk for eit systematisk samarbeid. Halvvegs i prosjektperioden er mange av måla nådd, og nye mål og tiltak er planlagt. Arbeidet kan delast inn i fleire kategoriar:

- **Informasjonsarbeid** for elevar og elevråd, Ungdommens fylkesutval og fylkesting, og interne og eksterne samarbeidsfora.
- **Kompetanseheving** for skular, skulehelseteneste, elevinspektørar, OT/PPT, opplæringskontor og lærebedrifter.
- **Systemarbeid** gjennom deltaking i ulike arbeidsgrupper, både interne og eksterne.
- **Nettverkssamarbeid** med mobbeombod i andre fylke og Læringsmiljøsentret i Stavanger.

Mobbing og krenkingar

Det totale talet elevar i vidaregåande skular som fortel at dei blir utsett for mobbing og krenkingar har gått noko ned frå 2014 til 2015. Frå 2,66 % (273 elevar) hausten 2014 til 2,08 % hausten 2015 (226 elever). Tala har gått ned sidan Utdanningsdirektorat la om spørsmåla i Elevundersøkinga i 2013.

Tala frå Hordaland viser jamt over same tendens som i resten av landet. Elevar på yrkesfag er særleg utsette for mobbing. Hausten 2015 opplyste 3,27 % av elevane på yrkesfag at dei blir mobba (160 elevar) og 1,11 % av elevane på studieførebuande (66 elevar). Fylkeskommunen bør særleg konsentrere seg om dei yrkesfaglege skulane i arbeidet framover.

I fleirtalet av sakene mobbeombodet fekk i 2015/16 er digitale krenkingar ein del av mobbinga. I Elevundersøkinga frå Hordaland ser det ut til at talet elevar som opplyser at krenkingane skjer på nett eller mobil er aukande.

Hovudtiltak for å auke gjennomføringa

Ei av dei største utfordringane i vidaregåande opplæring er å få fleire elevar til å fullføre med fag- eller sveinebrev. Det er to hovudutfordringar knytt til dette. Den eine er bedriftene sitt behov for kompetent arbeidskraft, medan den andre er ungdomane si moglegheit til å avslutte ei starta utdanning. Desse to

hovudkomponentane spelar ikkje alltid saman. Det ser ein igjen i at det er bransjar og yrke ein ikkje får tilstrekkeleg med kompetent arbeidskraft, medan det på andre område er populære fag der konkurransen om lærlingplassane ofte blir urimeleg skarp.

På sikt er det tre hovudtiltak som alle skal vere bidrag til å gjere fag- og yrkesopplæringa meir heilskapleg og ikkje så mykje styrt av tilfeldigeheiter.

- I arbeidet med Regional plan for kompetanse og arbeidskraft, er eitt av deltema dimensjonering av utdanningar. Særleg blir det lagt vekt på å identifisere arbeidslivet sitt behov for arbeidskraft på lengre sikt og å legge til rette for regionale nettverk knytt til lokale variasjonar av behov for arbeidskraft. Dette følger også av den nye samfunnskontrakten for fleire læreplassar, med fokus på lokale samarbeidsnettverk. Hordaland vil i løpet av 2016 ta i bruk eit nytt verktøy for dette, www.utdanning.no. Her er Hordaland ein av aktørane som skal vidareutvikle verktøyet.
- Utpøving av yrkesfaglege koordinatorar ved fem vidaregåande skular i Hordaland. Mange fylkeskommunar har innført dette og melder tilbake om at utbytet av desse stillingane er høg. Prosjektet varar ut 2018.
- I 2015 varsla fylkesdirektør opplæring at fag- og yrkesopplæringa i HFK skulle sjåast opp mot organisering, ressursbruk og ansvar. Hausten 2016 er det inngått kontrakt med BI Oslo om ein slik gjennomgang. I avtalen ligg også ei bestilling av forslag til nye modellar å organisere fag- og yrkesopplæringa på.

Program for bedre gjennomføring - Spor 2 er ein målretta forskingsinnsats. Forskingsmiljø og fylkeskommunar har, mellom anna på bakgrunn av Kunnskapssenter for utdanning si systematiske kunnskapsoversikt over fråfall i vidaregåande opplæring, søkt om midlar til å finansiere ulike forskingsprosjekt som det er grunn til å rekne med vil auke gjennomføringa. Forskingsprosjektet blir finansiert ved at all den økonomiske støtta Kunnskapsdepartementet før har fordelt på fylka blei overført til dette prosjektet frå og med 31.12.2015

Universitetet i Bergen, i samarbeid med Hordaland-, Nordland- Sogn og Fjordane- og Troms fylkeskommune har fått støtte til å prøve ut to modellar retta mot å forbetre det psykososiale læringsmiljøet for å sjå om det kan gi elevane betre psykisk helse, betre skuleprestasjonar og redusere fråfallet. Forskingsprosjektet har fått namnet *Gode psykososiale læringsmiljø bedrer gjennomføring i den vidaregåande skolen*. Prosjektet er todelt og består at *Drømmeskolen* og *Nærværsteam*.


Målet med forskingsprosjektet er å prøve ut og evaluere både implementeringsprosessen og effekt av forskingsbaserte tiltak som betrar det psykososiale læringsmiljøet, og som bidreg til reduksjon av fråfall i vidaregåande opplæring.

Mål og strategi

Hovudmålet for den vidaregåande opplæring i Hordaland er **Auka læringsutbytte og fullføring**.

Fylkeskommunen har etter § 13-10 i opplæringslova ansvar for å ha eit forsvarleg system for at krava i lova og forskrifter blir oppfylte. Hordaland fylkeskommune løyser dette gjennom system for verksemdbasert vurdering (VBV), som legg rammer for korleis skulane skal planlegge det pedagogiske utviklingsarbeidet og vurdere resultatata av arbeidet.

VBV-systemet kan illustrerast med modellen under:



Figur 1: Verksemdbasert vurdering

Dei viktigaste elementa i system for verksemdbasert vurdering er

- Skuleeigar sitt styringsdokument
- Skulane sine årlege utviklingsplanar
- Skulane og skuleeigar sine tilstandsrapportar
- Oppfølging frå regionleiarane
- Årlege skulebesøk med rapport frå skuleeigar

Felles nasjonalt tilsyn 2014-2017

Fylkesmannen i Hordaland gjennomførte skuleåret 2015/16 tilsyn med Hordaland fylkeskommune. Føremålet med tilsynet var å kontrollere om skulane og skuleeigar følger enkelte reglar i opplæringslova med forskrifter, inkludert fylkeskommunen sitt ansvar etter § 13-10.

Tilsynsystema var:

- Skulen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa
- Forvaltningskompetanse (sakshandsaminga)
- Skulebasert/verksemdbasert vurdering

Tilsynet blei gjennomført på Olsvikåsen vidaregåande skole, Årstad vidaregåande skole og Nordahl Grieg vidaregåande skole. Fylkesmannen førte også tilsyn med fylkeskommunen sitt forsvarlege system etter opplæringslova § 13-10, andre avsnitt.

Fylkesmannen fann brot på opplæringslova når det gjaldt undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte, spesialundervisning og særskilt språkopplæring. Temaa skulebasert vurdering og HFK sitt system for verksemdbasert vurdering (VBV) blei vurdert til å vere i tråd med opplæringslova.

Hordaland fylkeskommune fekk frist til 20. juni 2016 til å rette opp lovbrota. Skuleeigar jobba i tett prosess med skulane og sende inn rapport om korleis lovbrota var retta opp innan fristen. Fylkesmannen stadfesta i tilbakemelding datert 22.8.16 at HFK sin praksis no er i samsvar med krav i opplæringslova med forskrift. Alle nye rutinar og prosedyrar er tilgjengelege i HFK sin kvalitetsportal. Tilsynsrapportane finn ein på [Fylkesmannen i Hordaland sine nettsider](#).

Lokal kvalitetsoppfølging av skulane sin forvaltningskompetanse

Gjennom tilsynet blei det som nemnt avdekka behov for å lage rutinar og prosedyrar for at skuleeigar og skulane på ein betre måte skal følge opp krav i opplæringslova med forskrift. Fylkesdirektør opplæring har gjennom arbeidet også styrka skuleeigar sitt system for å sikre at krav i opplæringslova og forskrift blir oppfylte gjennom å innføre eigenevaluering, som skal:

- Sikre at Hordaland fylkeskommune har eit system for å følge opp krav i opplæringslova og forskrift, samt læreplanverket.
- Sikre at skulane har rutinar/innarbeidd praksis og dokumentasjon for planlegging og gjennomføring, samt rutinar for å rapportere og for å handtere og korrigere avvik frå lovkrav.
- Legge til rette for kvalitetssikring/-utvikling gjennom eigenevaluering og refleksjon over korleis lovkrav blir omsett til praksis, med sikte på hovudmålet om auka gjennomføring og læringsutbytte.

Samla gjennomgang med eigenevaluering i høve lovkrav etter § 13-10 blir gjennomført kvart tredje år.

Styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet

Den overordna målsettinga for arbeidet med kvalitet i den vidaregåande opplæringa i Hordaland fylkeskommune er skildra i *Styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet ved dei vidaregåande skulane*.

I skuleåret 2015/16 blei det gjennomført skulebesøk på alle dei vidaregåande skulane for sjuande gong. Representantar for opplæringsavdelinga møter skuleleiinga, representantar for lærarane og elevane til ein dialog om skulane sine resultat og lokale mål og tiltaksplanar. I 2011/12 blei systemet evaluert og rapport frå evalueringa blei lagt fram for opplærings- og helseutvalet 5.6.2012.

Nytt styringsdokument for perioden 2016-2018 blei politisk vedtatt i fylkesutvalet i november 2015. Hovudmålet om auka læringsutbytte og fullføring ligg fast. I det nye styringsdokumentet er det ei styrking av skulane sin handlefridom når det gjeld val av tiltaksområde. Dette er gjort på grunnlag av ei heilskapleg vurdering. Å gi rom for at skulane i større grad får følge opp skulevise utviklingstiltak, blir m.a. støtta av «Forvaltningsrevisjonen om forholdet mellom skuleeigar og skulane» (2014).

I styringsdokumentet for 2016-18 skal skulane vurdere eigen organisasjon og resultat i lys av sentrale og lokale styringsdokument. På grunnlag av vurderinga skal skulen utarbeide kunnskapsbaserte mål og tiltak. Det er skulane som skal definere tiltaksområde for det pedagogiske utviklingsarbeidet og grunnngi valet ut frå lokal kontekst, styringssignal og relevant kunnskap.

Strategiar i arbeid med kvalitetsutvikling

Klare mål

Ved skular der lærarane opplever at det er klare mål for utviklingsarbeidet, meiner dei også i større grad at utviklingsarbeidet når inn i klasserommet (AUD 5-2012, *Evaluering av system for verksemdbasert vurdering*¹). Skulane vil få større handlingsrom i utviklingsarbeidet, men det vil bli stilt tydelege forventningar til skuleleiinga om å legge til rette for involverande prosessar og arbeide systematisk med å etablere oppslutnad kring klare utviklingsmål.

Samhandling og oppfølging av skulane

HFK vil arbeide vidare med å utvikle samspelet mellom skuleeigar og skulenivå gjennom system for verksemdbasert vurdering. Regionleiarane planlegg og gjennomfører oppfølging av skulane sitt utviklingsarbeid i tett samarbeid med eit team av rådgivarar. Dette VBV-teamet har som oppdrag å sikre eit best mogeleg felles kunnskapsgrunnlag i oppfølginga av kvalitetsvurdering og kvalitetsutvikling i skulane.

Sikre at kvalitetsarbeid fører til utvikling av ny læringspraksis i klasserommet

Rapporten om evaluering av VBV-systemet peikar på at systemet er godt forankra hos skuleeigar og skuleleiing, men at lærarane og elevane framleis ikkje er involverte i stor nok grad. Å forankre arbeidet heilt inn i klasserommet tek tid, og det er naudsynt med tilrettelegging av tid og arenaer for samarbeid og refleksjon. Det er utfordrande å legge opp utviklings- og vurderingsarbeidet slik at det blir opplevd som relevant for det som skjer i klasserommet. Det nye styringsdokumentet for perioden 2016-18 er derfor tydelegare med omsyn til kva som er forventa av skuleleiarar, lærarar og elevar i dette viktige arbeidet.

Kontinuerlig utvikling av profesjonelt leiarskap på skuleeigar- og skulenivå

Regionleiarane samarbeider i dag tett for å sikre ei einenskapleg tilnærming til leiarutvikling i HFK. Dei gjennomfører regionale leiarsamlingar to gonger i året i samarbeid med resten av opplæringsavdelinga. På samlingane møter rektorane, ass. rektorane og avdelingsleiarane for å drøfte korleis ein saman kan utvikle det pedagogiske leiarskapet i HFK.

Styrke vurderings- og evalueringskompetanse på skuleeigar- og skulenivå

Evalueringa av VBV-systemet viste at på skular der lærarane opplevde at det var lagt til rette for gode prosessar for tilstandsvurdering, opplevde dei også at utviklingsarbeidet nådde inn i klasserommet. For å få effekt av tiltaka er det viktig med tett oppfølging og evaluering undervegs. Forankring på alle nivå i organisasjonen og involvering av lærarar og elevar er viktig for å sikre måloppnåing. I tillegg til god systematikk og organisering i gjennomføring av tiltak er det viktig at dei blir evaluerte slik at arbeidet bidreg til læring og utvikling.

Tydeleg fokus og dialog kring resultat

Skuleeigar og skulane har i dag tilgang på store mengder med informasjon om skulane si verksemd. Det er behov for at både skuleeigar og skulane oppnår enda betre kvalitetssikring av data og betre analyseverktøy. Analyseverktøyet PULS gir no tilgang til eit omfattande sett av resultatindikatorar på skulenivå. Etter å ha gjennomført ein felles nasjonal anbudsprosess, inngikk Hordaland og 16 andre fylke frå 1.6.16 avtale med Rambøll om analyse- og prosessverktøyet *Hjernen og Hjertet*. Verktøyet erstattar PULS og skal understøtte eit systematisk kvalitetsarbeid i den vidaregåande opplæringa. Verktøyet bygg på pedagogisk kunnskap og forskning om god praksis for skuleutvikling.

Samarbeid med universitets- og høgskulesektoren om kompetanseutvikling

Skuleeigar vil legge til rette for at det blir sett i verk fleire skulebaserte etterutdanningskurs i regi av universitet/høgskular der fleire lærarar frå same skule deltek, og der deltaking på kurset inneber utprøving og utvikling av ny praksis i klasserommet. Etterutdanninga må gå inn som ein del av skulen sitt ordinære utviklingsarbeid. Aktuelle område kan vere styrking av grunnleggjande ferdigheiter i fag og vurdering for læring.

Lærande nettverk på skule- og fylkesnivå

Mange lærarar og skular gjennomfører spennande prosjekt og finn fram til gode måtar å organisere undervisning og utviklingsarbeid på. Det ligg derfor eit stort potensiale i å legge enda betre til rette for utveksling av erfaringar og deling av idear. Opplæringsavdelinga jobbar for å skape gode arenaer for både lærarar og skuleleiarar for systematisk deling og erfaringsutveksling.

¹ <http://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/rapportar-og-statistikk/aud-rapportar/2012/aud--rapport-nr-5-12-evaluering-av-vbv.pdf>

Fylkeskommunalt kvalitetsnettverk blei etablert hausten 2014 på initiativ frå Forum for fylkesutdanningssjefar (FFU) og er eit forpliktande samarbeid mellom fylkeskommunar, KS og KD for å betre gjennomføringa og auke kvaliteten i opplæringa. Oppfølging av program for gjennomføring er eit sentralt samarbeidsområde i nettverket. Arbeidet i nettverket vil konsentrere seg rundt områda:

- **Profesjonell leiing**
- **Profesjonell undervisning**
- **Fokus på kvalitet og samanheng i 4-årig fag og yrkesopplæring - fleksible løp og betre samarbeid mellom opplæring i skule og opplæring i bedrift**



Figur 2: Fylkeskommunalt kvalitetsnettverk.

Nøkkeltal

Hovudtrekk for skuleåret 2015/16

- Skuleåret 2015/16 hadde Hordaland fylkeskommune totalt 16195 elevar. I 2015 var det registrert totalt 4387 lærlingar, 2072 av desse var nye.
- I snitt fullførte og bestod 82,4 % av elevane i Hordaland alle faga sine skuleåret 2015/16, ein auke på 3,3 prosentpoeng frå skuleåret 2014/15.
- Nedgang i prosentdel elevar med stryk og IV til termin 2/standpunkt og eksamen sidan førre år.
- Dei siste gjennomføringstala viser ein oppgang frå 68,9 % for 2009-kullet, til 71,8 % for 2010-kullet.
- 82,8 % av dei som begynte i lære i 2015 fullførte med fag- eller sveinebrev innan fem år.
- I rapporten *Skolekvalitet i videregående opplæring – Utarbeidelse av skolebidragsindikatorer og mål på skolekvalitet*, som mellom anna rangerte dei ulike skulane i landet etter ulike skolebidragsindikatorar, fekk skulane for Hordaland ein totalskåre på 3,0, noko som er 0,1 prosentpoeng under nasjonalt snitt.

Utdanningsprogram ²	Tal elevar
ST	6984
TIP	1608
HO	1578
EL	1116
PB	1095
BA	742
ID	638
SS	556
NA	452
MK	412
MDD	366
DH	326
RM	322
Totalt	16195

Tabell 1. Fordeling av elevar skuleåret 2015/16.

Utdanningsprogram	Lærlingar
TIP	1080
EL	913
BA	963
HO	611
SS	305
DH	201
RM	194
NA	110
MK	10
Totalt	4387

Tabell 2: Fordeling av lærlingar, 2015 Tala viser kor mange lærlingar som var under kontrakt per 1. oktober 2015

	2013/14	2014/15	2015/16
Talet på elevar ³	16775	16451	16195
Talet på lærlingar (2015)	4 355	4 381	4387
Talet på nye lærlingar (2015)	2 099	2 115	2072
Talet på lærarar	2 507	2 427	2489

Tabell 3: Tal på elevar, lærlingar og lærarar 2015/16. Skoleporten.

² Studieførebuande med formgivning er plassert under ST, Studieførebuande Vg2 medier- og kommunikasjon er plassert under MK, og Studieførebuande Vg3 naturbruk er plassert under NA

³ Skoleporten reviderte i 2016 historiske data. Det betyr at historiske data frå førre tilstandsrapport ikkje stemmer med oppdaterte tal. Nye tal gjeld i første omgang for skuleåra 2013/14 til og med 2015/16. Hovudforskjellen er at deltakarar som går på undervisning spesielt tilrettelagt for vaksne (vaksenopplæring) og dei er realkompetansevurderte eller fritekne i minst eitt fag etter forskrift til opplæringslova § 1-13 no er haldne utanfor statistikken.

Mål og tiltak frå Budsjett 2016 – Økonomiplan 2016-2019

Opplæringsavdelinga sette opp fem resultatmål for nemnde periode:

Overordna mål	Tiltak 2016	Målepunkt	Mål			
			2016	2017	2018	2019
1. Opplæringsavdelinga skal saman med skulane arbeide for auka fullføring med bestått	Innsats mot elevar med få 1 eller IV	Eksamensresultat og fag- og sveinebrev	72% ✗	73%	74%	75%
2. Opplæringsavdelinga skal saman med skulane arbeide for betre læringsutbytte i alle utdanningsprogram	VBV-arbeidet og pedagogisk plattform	Karakterstatistikk og kor mange som fullfører Læringsutvikling i PULS	+	+	+	+
3. Opplæringsavdelinga skal saman med skulane arbeide for at 50 % av ungdomen i Hordaland vel yrkesfag	Rådgiving til ungdomsskulen. Informasjon om kva yrkesfag er. Betre status til yrkesfag. Innsats mot jenter.	Søknader til vidaregåande opplæring	47% ✗	48%	49%	50%
4. Opplæringsavdelinga skal saman med skulane arbeide for at 40 % av alle som tek til på yrkesfag i Vg1, fullfører med fag- eller sveinebrev	Rådgjeving Kvalitet i prosjekt til fordjuping (PTF) Dimensjonering av tilboda Oppfølging i overgangane	Fag- eller sveinebrev	35% ✗	37%	39%	40%
5. Opplæringsavdelinga skal saman med skulane arbeide for at fleire elevar følger ordinær progresjon	Rådgjeving og oppfølging Læringsmiljø Sjå «Blikk for alle»	Omfang av omval, stryk og IV	77% ✓	78%	79%	80%

Tabell 4: Mål og tiltak i budsjett 2016.

Måloppnåing 2016

Mål 1: For elevane som starta i Vg1 i offentleg skule i Hordaland for første gong i 2010, var det 71,8 % som hadde fullført og bestått utdanninga fem år seinare. HFK er soleis 0,2 prosentpoeng unna å nå målet for 2016. Studieførebuande utdanningsprogram hadde ein gjennomføringsprosent på 87,3, medan talet for yrkesfaga var 59,1. (Kjelde: Skoleporten)

Mål 2: Det er ikkje sett noko kvantitativt mål for dette, men om ein ser på målepunkta *karakterstatistikk og kor mange som fullfører, samt læringsutvikling i PULS*, så finn ein følgande: Samla karaktersnitt for skuleåret 2014/15 var 3,8, medan det i 2015/16 var 3,9. For fullført og bestått alle fag, går utviklinga frå 79,1% i 2014/15, til 81,7 % i 2015/16. Når det gjeld læringsutvikling, viser tala frå PULS at karakterutviklinga frå ungdomsskulen til Vg2 studieførebuande fag var på -0,44 i 2015/16, medan ho i 2014/15 var -0,47. For yrkesfaga var tilsvarende tal 0,25 for 2015/16 og 0,21 for 2014/15. (Kjelde: Hjernen og Hjertet og PULS)

Mål 3: Tal etter 2. inntaksomgang 2016 viser at 41 % er tatt inn på yrkesfag. Idrettsfag, Kunst, design og arkitektur og Medier og kommunikasjon er då rekna som studieførebuande utdanningsprogram. HFK ligg soleis 6 prosentpoeng under målet for 2016.

Mål 4: I 2010 var det 3301 elevar som starta på Vg1 yrkesfag. Fem år etter hadde 1072 av desse fagbrev eller yrkeskompetanse med vitnemål. Dette utgjør 32,4 %, noko som er 2,6 prosentpoeng under målet for 2016.

Mål 5: Ordinær progresjon blir målt gjennom prosentdel som var i eit utdanningstrinn eit år og som neste skuleår er registrert i eit programområde på høgare nivå. For dei offentlege skulane i Hordaland er tala for 2016 85,7 % for Vg1 og 82,7 % for Vg2. For studieførebuande utdanningsprogram er tala høvesvis 90,1 % og 94,9 %, for yrkesfaga er tala 82,5 % og 72,5 %. (Kjelde: Skoleporten)

KOSTRA-tal

KOSTRA står for Kommune-Stat-Rapportering og gir statistikk om ressursinnsatsen, prioriteringar og måloppnåing i kommunar, bydelar og fylkeskommunar. KOSTRA-tala er bygd på føringar som er blitt gjort i rekneskapet til kvar enkelt fylkeskommune, og det er med bakgrunn i at alle fylka fører sine kostnader etter rettleiaren som blir revidert kvart år.

Økonomisk belastning per elev


Tabellen og grafen under viser økonomisk belastning per elev, fordelt på ulike utdanningsretning.

Indikator	HORDALAND			NASJONALT: Landet utanom Oslo			Differanse Hordaland vs nasjonalt i %
	2014	2015	Endring i %	2014	2015	Endring i %	2015
Økonomisk belastning 510-562 videregående opplæring i skole per elev, konsern	144 214	149 738	3,8 %	144 083	150 471	4,4 %	-0,5 %
Økonomisk belastning 521,527,529 studieforbereidende utdanningsprogram per elev	63 118	66 066	4,7 %	63 902	66 704	4,4 %	-1,0 %
Økonomisk belastning 522-526,528,530-532 yrkesfaglige utdanningsprogram per elev	92 902	97 937	5,4 %	89 573	94 617	5,6 %	3,4 %

Tabell 5: Økonomisk belastning per elev (i kroner), og fordelt på studieførebuande og yrkesfaga. SSB.

KOSTRA-tala er samanlikna med landet utan Oslo når det gjeld økonomisk belastning per elev. Årsaka til dette er at Oslo ikkje speglar eit gjennomsnittleg fylke som følge av størrelse på fylket og at dei driv både med fylkeskommunale og kommunale oppgåver. Samtidig er befolkningstettleiken høgare i Oslo enn samanlikna med dei andre fylka i landet noko som kan resultere i ein anna gjennomsnittskostnad per elev enn kva som er realiteten. Tabellen viser nokre små avvik i kostnader per elev for Hordaland samanlikna med landet utanom Oslo. Hordaland har ein større kostnad per elev på dei yrkesfaglege utdanningsprogramma, medan fylket ligg like bak landsgjennomsnittet (utan Oslo) når det gjeld studiespesialiserte utdanningsprogram.

Økonomisk belastning per utdanningsprogram vgs (konserntall)



Figur 3: Kostnader per elev på dei ulike utdanningsprogramma samanlikna med landet (utan Oslo) både for 2014 og 2015. SSB.

Den grafiske tabellen viser, med utgangspunkt i KOSTRA-tal, kostnader per elev på dei ulike utdanningsprogramma samanlikna med landet (utan Oslo) for 2014 og 2015. Årsaka til ulike kostnader på dei ulike utdanningsprogramma kan vere ulike behov til utstyr, størrelse på klassane (studieførebuande har ofte dobbelt så mange elevar samanlikna med yrkesfaglege) og ulike behov for små grupper i praktiske fag. Samtidig vil

større skular kunne slå saman klassar (parallellar eller ulike yrkesfag) i fellesfag og programfag på Studiespesialisering, medan ein i distriktet vil ha færre elevar på dei tilsvarande tilboda. I dette ligg det altså at geografi, skulestorleik, utdanningstype og tal på elevar påverkar kostnadene.

Elev per årsverk

Indikator og nøkkeltal	2010	2011	2012	2013	2014 ⁴
Sum årsverk for undervisningspersonale, Hordaland	2 100	2 030	2 054	2 060	2 005
Tal elevar per årsverk, Hordaland	8,9	9,4	9,5	9,4	9,6
Tal elevar per årsverk, Nasjonalt	8,7	8,8	8,8	8,9	8,8

Tabell 6: Tal på årsverk i Hordaland, samt tal elevar per årsverk for Hordaland og nasjonalt. Kjelde: Skoleporten.

I tabell 6 ser ein utvikling over tal på elevar per årsverk for Hordaland og nasjonalt. Skoleporten påpeikar at ein må trå varsamt om ein skal samanlikna tal elevar per årsverk, då ressursituasjonen blir påverka av andre forhold som skulestruktur. Fylkeskommunar med mange skular som er spreidd rundt i eit stort geografisk fylke, vil ikkje ha stordriftsfordelar andre fylke kan ha.

Utdanningsnivå lærarar

Indikator og nøkkeltal	13/14	14/15	15/16	15/16 Nasjonalt
Del med høgare universitets- og høgskuleutdanning m/ ped. utd.	27,4	28,1	28,4	26,3
Del med høgare universitets- og høgskuleutdanning u/ ped. utd.	6,7	6,3	6,5	6,0
Del med lågare universitets- og høgskuleutdanning m/ ped. utd.	50,3	51,6	50,5	53,3
Del med lågare universitets- og høgskuleutdanning u/ ped. utd.	7,6	6,7	7,0	7,5
Del med vidaregåande utdanning eller lågare	8,0	7,4	7,5	7,0

Tabell 7: Utdanningsnivå til lærarar i offentleg vidaregåande skule i Hordaland, prosent. Kjelde: Skoleporten.

Tabellen over viser utdanningsnivået til lærarane ved skulane i Hordaland dei siste åra, samt nasjonale tal for 2015/16. Prosentdel lærarar med høg universitets- og høgskuleutdanning med pedagogisk utdanning har gått jamt oppover dei siste åra og ligg no 2,1 prosentpoeng over det nasjonale snittet. Lærarar med lågare universitets- og høgskuleutdanning med pedagogisk utdanning har lege relativt jamt dei siste åra, og er i perioden 2015/16 2,8 prosentpoeng under nasjonalt snitt.

Tabellen til høgre viser talet på klassar og elevar per utdanningsprogram etter 3. inntaket i 2015/16. Tala må sjåast på som eit overslag, då elevar kan ha slutta og bytt klassar etter inntaket. Det er også mogeleg at skulen har tatt inn fleire elevar dersom det har vore ledige plassar i nokre klassar. Tala gir likevel eit godt bilete på klassestørrelse for dei ulike utdanningsprogramma. Tala i tabellen er snittet og det kan variere med talet på elevar på dei ulike skulane. Også her vil geografi, skulestorleik, utdanningstype og tal på elevar påverkar klassestorleiken. Store skular har stordriftsfordelar og nokre utdanningstilbod har varierende popularitet når det kjem til by/land. I større tettstadar og byar er det fleire i aldersgruppa som skal ha vidaregåande opplæring som følge av større befolkning, noko som kan gi utslag i fleire elevar per klasse.

Utdanningsprogram	Ant	Snitt klasse
AO, innføringsklasse	10	11,1
BA	49	15,6
DH	26	13,8
EL	77	14,5
HO	104	15,6
ID	27	23,6
MDD	16,5	22,9
MK	28	15,1
NA	22,5	19,7
PB	41	28,2
RM	22	14,5
SS	35	16,2
ST	267,5	26,9
TP	116	14,3
Totalt	841,5	18,0

Tabell 8: Gjennomsnitt tal elevar per klasse.


⁴ På grunn av overgang til ny registreringsrutine er ikkje KOSTRA tal for årsverk publisert i 2015/16. <http://www.ssb.no/offentlig-sektor/kommune-stat-rapportering/kostra-publisering-15.mars-uten-tall-for-ansatte-og-arsverk>

Auka læringsutbytte og fullføring

Auka læringsutbytte og fullføring er hovudmålet for den vidaregåande opplæringa i Hordaland fylkeskommune. All pedagogisk verksemd ved skulane skal bygge opp under hovudmålet. Frå klasserom og verkstad til kontor og andre arenaer skal vi følge opp kva elevane skal lære, vite kva dei har lært og kva ein gjer når dei ikkje lærer det som er forventa til ulike tidspunkt. Det er sett inn styrka innsats for betre gjennomføring gjennom:

- Tidleg og systematisk innsats for å identifisere elevar som står i fare for å ikkje fullføre.
- Tett oppfølging og tilpassa opplæring med fokus på meistring og motivasjon.

I alt arbeidet fylkeskommunen gjer med auka fullføring er det to pilarar som er viktig. Den eine er korleis vi kan førebygge at elevar sluttar og den andre er korleis vi kan tilbakeføre dei elevane som trass alle forsøk har slutta i vidaregåande opplæring. I arbeidet med førebygging er det nokre fasar som er meir kritiske enn andre og desse blir synleggjort i rammeverket som KD utarbeidde i 2014. Dette rammeverket gir ei god oversikt over kor vi må setje inn ressursane.



Figur 4: Rammeverk for betre gjennomføring. Kunnskapsdepartementet.

Gjennomføring i vidaregåande opplæring

Dette kapitlet viser tilstand og utvikling over tid for eit utval indikatorar som er aktuelle i gjennomføringstematikken. Indikatorane viser mellom anna kor mange som fullfører og består i løpet av fem år, kor mange som går vidare frå eit trinn til eit anna og kor mange som ikkje gjer desse overgangane.

I samband med den nasjonale satsinga Ny GIV, der hovudmålet var å få fleire ungdomar til å fullføre og bestå vidaregåande opplæring, blei det utarbeidd eit indikatorsett for å vurdere tilstand og måloppnåing i arbeidet med å auke gjennomføringa. Ein av desse var *gjennomføring*, som viser prosentdel ungdomar som fullfører og består opplæringa innan fem år etter at dei begynte i vidaregåande opplæring.

Gjennomføringstal blir også vist på utdanningsprogramnivå, og det kjem fram kva for type kompetanse – studiekompetanse eller fag-/sveinebrev – ungdomane har oppnådd i løpet av perioden. For å måle kompetanseoppnåing over fem år, må ein bruke tal frå Skoleporten og SSB.

Delen som har fullført og bestått vidaregåande opplæring innan fem år etter at dei begynte, er definert ved prosentdel av eit elevkull som begynte i Vg1 for første gong som fem år seinare har oppnådd vitnemål eller fag-/sveinebrev.

Gjennomføringsindikatorane gir eit overordna bilete av effektiviteten til utdanningssystemet – kor mange fullfører og består innan ønskt tid. På grunn av måling fem år etter at elevane starta på Vg1, må endringar vurderast på bakgrunn av aktivitetar som ligg fleire år tilbake i tid. Indikatorane er likevel viktige då dei er dei einaste som følger kompetanseoppnåing til eitt enkelt kull gjennom opplæringsløpet.

Vidare ser vi på resultat for skuleåret 2015/16. Desse tala er henta lokalt, og kan ikkje direkte samanliknast med tal som er talt over fem år. Sentrale indikatorar her er kor stor del av elevane som bestod alle fag i skuleåret, fekk 1 og IV (ikkje vurdering), samt fråvær og sluttarar i løpet av skuleåret.

Om fag- og yrkesopplæring blir det sett på kor stor del av elevane som går i lære frå Vg2 og som gjennomfører med fag- eller sveinebrev, og måloppnåing i lys av samfunnskontrakten.

Fleire fullfører og består


	2006-2011	2007-2012	2008-2013	2009-2014	2010-2015
Hordaland - offentlege skular	70,5 %	67,5 %	68,9 %	69,5 %	71,8 %
Nasjonalt - offentlege skular	69,1 %	68,1 %	69,9 %	70,3 %	72,1 %

Tabell 9: Del elevar fullført og bestått, talt over fem år, offentlege skular i Hordaland og nasjonalt. Skoleporten.

Tabellen over viser kor stor del av elevane i Hordaland og nasjonalt som starta i Vg1 første gong i 2006, 2007, 2008, 2009 og 2010 som har fullført og bestått i løpet av fem år. For kullet som starta i 2010, er det totalt 71,8 % av elevane i Hordaland som har fullført og bestått med vitnemål eller fag-/sveinebrev i løpet av fem år.

Etter ein nedgang i 2007-kullet, har det vore ei positiv utvikling i del elevar som fullfører og består vidaregåande opplæring, og utgjør ein samla auke på 4,3 prosentpoeng i perioden. Tilsvarende utvikling for nasjonalt nivå er 4 prosentpoeng.


Fullført og bestått i løpet av fem år



Figur 5: Prosentdel fullført og bestått, 2008-2010-kull. Skoleporten.

Den nasjonale indikatoren *fullført og bestått i løpet av fem år* viser status for elevkullet fem år etter at dei begynte på Vg1 for første gong. Den raude linja viser samla snitt for gjennomføring, og ein kan sjå ei positiv utvikling for Hordaland. For 2010-kullet ligg gjennomføringsprosenten for Hordaland på 71,8 %, som er 0,3 prosentpoeng under det nasjonale snittet.

Hordaland og nasjonalt



Figur 6: Fullført og bestått etter fem år. Offentlege skular. Skoleporten.


Det er fleire forhold å merke seg ved denne figuren. For det første kan ein for 2010-kullet sjå at gjennomføringstala for Hordaland ligg over nasjonalt snitt både på studieførebuande utdanningsprogram (grå linje) og på yrkesfag (svart linje), men 0,3 prosentpoeng under nasjonalt snitt totalt. Grunnen til dette er at Hordaland har prosentvis fleire på yrkesfag som begynte i Vg1 i 2010 i forhold til nasjonal fordeling⁵, noko som drar det totale snittet ned.

⁵ Oslo har over nasjonalt snitt samla sett, men under nasjonalt snitt når ein ser på yrkesfag og studieførebuande fag isolert. Årsaka til det er at dei har prosentvis fleire på studieførebuande enn nasjonalt, noko som dreg det totale snittet opp.

For det andre kan ein merke seg oppgangen i studieførebuande utdanningsprogram frå 2009-kullet til 2010-kullet, der ein kan sjå ei klar forbetring for tala for Hordaland, med ein oppgang på heile 8,2 prosentpoeng. Som det blei nemnt i førre tilstandsrapport, har dei som går mot planlagt grunnkompetanse (HT-elevar) blitt plassert i kategorien *studieførebuande utdanningsprogram* av SSB og Udir, uavhengig av kva utdanningsprogram dei faktisk har gått på. Dette er ei gruppe elevar som i utgangspunktet ikkje har som mål å gjennomføre og fullføre eit fullt utdanningsløp.

I 2010 blei det innført nye registreringsrutinar for HT-elevane, som betyr at dei no blir kategorisert i det utdanningsprogrammet dei går på. Den nye registreringspraksisen får ulike utslag for ulike fylke. I Hordaland er elevar med HT-kode spreidd relativt jamt utover utdanningsprogramma, medan dei i dei fleste fylka går på studiespesialiserande. Dette betyr at gjennomføringstala for studieførebuande utdanningsprogram har vore feilaktig låg for Hordaland før 2010-kullet. Dette bidreg også til å forklare kvifor gjennomføringstala for yrkesfaga går noko ned for Hordaland: HT-elevane som går på yrkesfag, og som det er fleire av i Hordaland enn nasjonalt, er no faktisk registrert på det yrkesfaget dei går på.

Uavhengig av korleis elevane blir registrerte, er det ein klar auke i del elevar som fullfører og består i Hordaland. Dette er ei positiv utvikling og kan vere eit resultat av merksemda gjennomføring fekk både i grunn- og vidaregåande skule ved innføringa av Ny GIV. Auka i gjennomføringstala er eit resultat av arbeid over lang tid, og det er viktig for skulane og skuleeigar å halde fram med det viktige arbeidet med oppfølging av elevar og overgangar mellom trinn.



Figur 7: Fullført og bestått etter fem år, offentlege skular, fordelt på gjennomføringskategori. Skoleporten.

Dersom ein går nærare inn i tala (tabell over) kan ein sjå korleis studieførebuande- og yrkesfagelevar fordeler seg i kategoriane *gjennomført på normert tid*, *over normert tid*, *framleis i opplæring*, *fullført ikkje bestått*, samt *slutta*. Her kan ein sjå at sjølv om lag berre litt over 70 % fullfører og består innan fem år, så betyr ikkje det at 30 % fell i frå. Som ein kan sjå, er det totalt 12,8 % som anten framleis er i utdanning eller som har fullført, men ikkje bestått. Om lag 15 % av elevane har slutta i perioden.

Fleire har fullført og bestått etter ti år

Om ein måler gjennomføring etter ti år, går gjennomføringsprosenten opp. Medan 70 % av 2003-kullet⁶ i Hordaland hadde fullført og bestått innan fem år, så gjaldt det 80,2 % etter ti år⁷, noko som er 2,6 prosentpoeng over nasjonalt snitt. For dette kullet auka delen som fullfører og består vidaregåande opplæring med 9,3 prosentpoeng om tidspunktet for måling flyttast frå fem til ti år etter at ungdomane begynte i vidaregåande opplæring. Etterslepet varierer mellom fylka, der det generelt er størst etterslep i dei fylka med lågast del som fullfører og består innan fem år, noko som betyr at etter ti år er det noko mindre variasjon mellom fylka⁸.

⁶ Tala gjeld både offentlege og private skular

⁷ <http://www.udir.no/globalassets/filer/tall-og-forskning/statistikk/gjennomforing/gjennomforingsbarometeret-2015.pdf>

⁸ Gjennomføringsbarometeret 2015: <http://www.udir.no/globalassets/filer/tall-og-forskning/statistikk/gjennomforing/gjennomforingsbarometeret-2015.pdf>

Faktorar for auka gjennomføring i vidaregåande opplæring

Mykje forskning, mellom anna Markussen, m.fl., i rapporten *Bortvalg og kompetanse*⁹, peikar på at den delen av elevar som har bestått, gjennomført utan å bestå eller slutta i vidaregåande opplæring varierte med ei rekkje kjenneteikn knytt til ungdomane, slik som t.d. grunnskulepoeng, kjønn, foreldra sitt utdanningsnivå og fråvær frå grunnskulen.

Ein av dei viktigaste faktorane er grunnskulepoeng. Svake prestasjonar i grunnskulen er den viktigaste enkeltforklaringa for manglande gjennomføring og fullføring. Som ein kan sjå i figur 13 side 26, er det slik at dei elevane som har 50 grunnskulepoeng eller meir, fullfører og består om lag 95 % av elevane det årstrinnet dei går på, uavhengig av utdanningsretning. Elevar med svake resultat frå grunnskulen ser ut til å ha best føresetnadar for å lukkast i utdanningsprogram med ei velfungerande og godt forankra lærlingordning¹⁰.

Utdanninga til foreldre spelar også ei viktig rolle. Mellom anna gjennomfører ungdom med høgt utdanna foreldre i langt større grad enn elevar med foreldre med kort utdanning. Tal frå SSB¹¹ for Hordaland viser at av elevar med foreldre med høgare utdanning fullfører 83,1 % innan fem år. For dei med foreldre med vidaregåande utdanning som høgste utdanning, gjennomførte 68,7 %. Talet for dei med foreldre med berre grunnskule er 44,8 %.

Det er også betydelege kjønnsforskjellar i gjennomføringsgraden i Hordaland. Ser ein alle utdanningsprogram samla, fullfører 76,6 % av jentene, medan prosentdelen for gutane er 67,5. Altså ein differanse på 9,1 prosentpoeng. Brorparten av denne forskjellen ligg på yrkesfag, der 62,8 % av jentene fullfører på fem år, medan for gutane gjeld det berre 56,6 %.

Ein må ikkje sjå på desse faktorane som ei kvilepute eller ein form for deterministisk forklaringsmodell. Snarare er dette viktig og naudsynt informasjon for at ein skal kunne sette inn tiltak mot utsette elevgrupper. I *Blikk for alle – fokus på den enkelte. Ei rettleiing for tidlig identifikasjon, kartlegging og oppfølging for auka gjennomføring*¹², får dei vidaregåande skulane informasjon og rettleiing om korleis dei kan identifisere elevar som er i faresona for å ikkje fullføre.

Hausten 2015 inngikk opplæringsavdelinga eit samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland og alle kommunane i fylket. Samarbeidet går blant anna ut på at opplæringsavdelinga lagar årlege rapportar som viser korleis det går med elevane som har gått på grunnskule i dei ulike kommunane, då med fokus på grunnskulepoeng, fullført og bestått, karakterar, karakterutvikling og fråvær. Denne kunnskapen tek kommunane med seg i kvalitetsutviklingsarbeidet med eigne skular.


⁹ <https://www.nifu.no/files/2012/11/NIFUrapport2008-13.pdf>

¹⁰ Utdanningsspeilet 2016, side 109

¹¹SSB: Tabell 10994: Gjennomstrømning i videregående opplæring, etter kjønn, studieretning/utdanningsprogram og fullføringsgrad (F).

¹² [http://old.hfk.no/Global/opplering/OT%20PPT/Blikk for alle fokus%20p%C3%A5 de enkelte august2014.pdf](http://old.hfk.no/Global/opplering/OT%20PPT/Blikk%20for%20alle%20fokus%20p%C3%A5%20de%20enkelte%20august2014.pdf)

Store forskjellar i fullføringsgrad mellom utdanningsprogram




Figur 8: Fullført og bestått etter fem år for dei som starta Vg1 i 2008, 2009 eller 2010, offentlege skular i Hordaland. Skoleporten.

Som figuren over viser, har det samla gjennomføringsnittet for alle utdanningsprogram auka dei siste åra. Det er stor variasjon mellom dei ulike utdanningsprogramma, der ein for 2010-kullet kan sjå ein forskjell mellom 94,4 % fullføring på Idrettsfag til 46,6 % fullføring på Design og handverk. Når vi samanliknar utdanningsprogramma, er det Naturbruk, Studiespesialisering og Idrettsfag som har ein auke for kvart kull. Service og samferdsel er det utdanningsprogrammet med størst nedgang i perioden. Gjennomføringsprosenten for dei ulike utdanningsprogramma har vore relativt stabil dei siste åra. Likevel kan ein sjå for fleire av yrkesfaga at det er ein nedgang for 2010-kullet. Tilgang til læreplass er ein viktig forklaringsfaktor når ein skal forstå ulikskapen mellom fullføringa til dei ulike utdanningsprogramma. I tillegg må ein hugse på at HT-elevane frå og med 2010-kullet er registrert på det utdaningsprogrammet dei faktisk går på, og at Hordaland har fleire på yrkesfag enn nasjonalt. Elevane i HT-grupper vil i denne statistikken ikkje få fullført og bestått.

Som vi kjem tilbake til på side 22, er dei ulike yrkesfaga sin historikk og tilknytning til fagtradisjonar, samt tilgang til lærlingplass, viktige element i det å forstå og forklare dei ulike utdanningsprogramma sin gjennomføringsprosent.

I Noreg er eit studieførebuande utdanningsprogram normert til tre år, medan eit yrkesfagleg utdanningsprogram vanlegvis er fire (2+2). Gjennomføring blir målt fem år etter at ein elev starta på vidaregåande skule. Det betyr at elevar på studieførebuande har eitt ekstra år til omval, pause eller andre forseinkingar samanlikna med elevar på yrkesfag.


Elevar og lærlingar som har fullført og bestått per fylke



Figur 9: Fullført og bestått etter fem år. 2010-kullet. Offentlege skular. Fordelt på fylke. Skoleporten.

Figuren over viser gjennomføringstala for yrkesfag (raud stolpe) og studieførebuande utdanningsprogram (gul stolpe) i løpet av fem år, fordelt på dei ulike fylka, opp mot nasjonalt snitt (raud og gul stipla linje). I tillegg kan ein sjå det totale gjennomføringstalet per fylke (svart punkt). Som ein kan sjå varierer det samla gjennomføringstalet frå 77,7 % i Akershus, til 54,4 % i Finnmark. I Ny GIV blei det sett eit nasjonalt mål om å auke delen som fullførte og bestod frå 69 % for 2004-kullet til 75 % for 2010-kullet. Nasjonalt har ein ikkje nådd dette målet, men heile 16 av 19 fylke har hatt ei positiv utvikling. Dersom ein ser på dei offentlege skulane i fylka, har tre fylkeskommunar ein gjennomføringsprosent som ligg over målet på 75 % - Sogn og Fjordane, Akershus og Møre og Romsdal.

Elevar og lærlingar som slutta i perioden 2010-2015




Figur 10: Elever som slutta i perioden 2010-2015 og 2009-2014, fordelt på utdanningsprogram. Offentlege skular i Hordaland og nasjonalt. Skoleporten.

Av alle hordalandselevane som starta på Vg1 i 2010, har totalt 15,3 % slutta etter fem år, mot 15,7 % nasjonalt. På dei aller fleste utdanningsprogramma er sluttprosenten noko lågare enn det nasjonale snittet, noko som også var tendensen i fjor. Dersom ein ser på hordalandstala for 2010-kullet (gul stolpe) opp mot resultatata for 2009-kullet (raud stolpe), kan ein sjå ein auke i sluttprosenten i fleire av yrkesfaga, men særskilt i Restaurant- og matfag, der det er ein auke frå 23,8 % til 38,4 %. Som i fjor, har Idrettsfag lågast del sluttarar.

Skoleporten gir ikkje informasjon om kor i opplæringsløpet elevane sluttar når det gjeld fullført og bestått i løpet av fem år per utdanningsprogram. På dei to utdanningsprogramma med høgast del sluttarar, DH og RM, veit vi likevel frå lokale data dei siste åra at det er ein stor del elevar som ikkje gjer overgang frå Vg2 til lære eller Vg3 i skule.

Kva kompetanse oppnår elevane?



Figur 11: Oppnådd kompetanse etter fem år, etter kva utdanningsprogram elevane starta på. Hordaland, alle eigarformer. SSB.

Figuren over viser type kompetanse elevane har oppnådd fem år etter dei starta på Vg1. Av heile kullet, startar om lag halvparten av elevane på yrkesfag og den andre halvparten eit studieførebuande løp.

56 % av kullet endar opp med studiekompetanse, medan berre 17 % med yrkesfagleg kompetanse. Når vi ser på dei elevane som faktisk begynte på yrkesfag, er det totalt 32,5 % av elevane som enda opp med yrkesfagleg kompetanse, i form av fag-/sveinebrev eller yrkeskompetanse med vitnemål.

Det er stor forskjell mellom dei yrkesfaglege utdanningsprogramma når det gjeld i kva grad dei fullfører med fagbrev/yrkeskompetanse eller studiekompetanse. Som ein vil sjå i figur 14, side 27, har dei fleste yrkesfaga relativt like inntakspoeng (mellom 32,5 til 37,8), så årsaken til denne variasjonen kan ikkje berre skuldast elevgrunnlaget og grunnskulepoeng. Ein betre innfallsvinkel er då å sjå på fagtradisjonane ved faga, tilknytning til arbeidslivet og læreplasstilgang. I NIFU-rapporten *Yrkesfagelevers ulike tilpasninger til fagopplæring*¹³ blir det analysert korleis dette fenomenet kan forklarast. Når det gjeld SS, og den låge prosentdelen som fullfører med fagbrev, skriv dei følgjande:

Arbeidsmarkedet som programområdene i Service og samferdsel leder frem mot, kjennetegnes av manglende tradisjon for lærlingvirksomhet som en del av et formalisert opplæringsløp. Varehandelen har for eksempel tradisjonelt vært preget av lave krav til kompetanse, høy turnover og lav lønn, noe som henger sammen med at feltet også utgjør et arbeidsmarked for ungdom. Det finnes få stillinger i slike bedrifter som er etablert med tanke på at arbeidstakeren skal ha fagbrev. Samtidig har mange bedrifter i sektoren egne opplæringsprogram, slik at muligheten til å gjøre karriere kan være stor (side 18).

Når det gjeld BA, forklarar NIFU-rapporten at lærlingane som tek fagbrev i byggfaga i stor grad går rett inn i arbeidet på heiltid. Vidare seier han at det er ei tett kopling mellom opplæring i skule, læretid og jobb som fagarbeidar. Etterspørselen etter desse fagarbeidarane er stor.

Dette er døme på korleis fagtradisjonane spelar ei viktig rolle når det gjeld prosentdel av yrkesfagelevar som fullfører med studiekompetanse eller fag-/sveinebrev. Når elevar begynner på eit yrkesfag med ein klar fagprofil utviklast fagidentiteten tidleg i utdanningsløpet og med det eit ønske om å bli lærling. For dei yrkesfaga med ein svakare fagtradisjon kan det bli meir utydeleg kva posisjon og karriere ein vil ende opp med i arbeidslivet, og då kan påbyggingsalternativet bli eit meir aktuelt val.

Delen av elevane som oppnår yrkesfagleg kompetanse varierer altså mellom utdanningsprogramma, og det er dei tradisjonsrike faga som Bygg- og anleggsgfag, Teknikk og industriell produksjon og Elektrofag som har den høgaste delen, med høvesvis 43 %, 48 % og 49 % av elevane. Restaurant- og matfag er eit av utdanningsprogramma med lågast gjennomføringsgrad på berre 50, men brorparten av elevane endar opp med yrkesfagleg kompetanse. I Helse- og oppvekstfag, der behovet for fagutdanna arbeidskraft framleis vil vere stort i framtida, er det totalt 19 prosent som går ut med yrkeskompetanse. Det vil bli lagt fram ein politisk sak om rekruttering til helse- og oppvekstfag i løpet av skuleåret 2015/16, jf. bestilling i opplærings- og helseutvalet, 19.3.2014.

Påbygging til generell studiekompetanse

Av alle dei som starta på eit yrkesfag i 2010, enda 27 % opp med studiekompetanse, og ikkje fag- eller sveinebrev. Dersom ein ser på alle yrkesfagelevane som *oppnådde* kompetanse i denne perioden, enda heile 45 % av desse opp med studiekompetanse. Det er svært stor variasjon mellom yrkesfaga, der ein kan sjå at for alle BA-elevane som enda opp med kompetanse i løpet av denne femårsperioden, fekk 16,3 % studiekompetanse og 83,7 % fagbrev eller yrkeskompetanse med vitnemål. Tilsvarande tal for HO-elevane er 70 % studiekompetanse og 30 % fagbrev eller yrkeskompetanse med vitnemål. Også her er faget si tilknytning til arbeidslivet eit viktig forklaringsselement. Rapporten *Yrkesfagelevers ulike tilpasninger til fagopplæring* (s.11) seier det slik:


Det mønsteret vi ser når det gjelder orientering mot læreplass, finner sitt motstykke i orientering mot påbygning til høyere utdanning. Mens en beskjeden andel av elevene på bygg og på restaurant- og matfag ser for seg å ta påbygning til studiekompetanse etter Vg2, er dette et nesten like vanlig alternativ som læreplass for elevene på Vg1 Service og samferdsel. På Vg2 Salg, service og sikkerhet er påbygning til studiekompetanse et vanligere ønske enn læreplass (...) Mens opp mot 90 prosent av elevene på Vg2 Helsearbeiderfaget begrunner påbygning med at de trenger det, fordi de skal inn i et yrke som krever høyere utdanning, er det drøyt 70 prosent som svarer dette på SS.

Dette viser at det er relativt få av dei som begynner på Vg1 som oppnår fag- eller sveinebrev. Likevel er det slik at av dei elevane som faktisk går ut i lære, er det 82,8 % som fullfører med fag- og sveinebrev, om ein ser nokre år fram i tid, jf. figur 25 side 40.

¹³ <http://www.nifu.no/files/2013/06/NIFUrapport2013-16.pdf>

Overgangar mellom trinn i vidaregåande opplæring

Gjennomføring av vidaregåande opplæring er viktig i eit samfunnsøkonomisk perspektiv og ikkje minst for den enkelte ungdommen. For å auke gjennomføringa er det behov for tett samarbeid mellom ulike instansar om tiltak og tenester, og som ansvarleg for den vidaregåande opplæringa, er viktige initiativ og verkemidlar lagt til fylkeskommunen. Frå forskning og kunnskap lokalt veit vi at overgangane både frå grunnskulen til vidaregåande og mellom trinna i vidaregåande er sentrale for å sikre gjennomføring.



Figur 12: Overgangar mellom trinn i vidaregåande opplæring. Figur og tal frå Skoleporten.

Figuren over viser tal for progresjon mellom trinn i vidaregåande opplæring i Hordaland. Tala viser prosentdel elevar som gikk i Vg1 hausten 2014 og som er registrerte på Vg2 hausten 2015, og tilsvarande frå Vg2 til Vg3. Den raude pila viser til prosentdel elevar som var ute av vidaregåande opplæring eitt år etter at dei var registrerte i Vg1 eller Vg2. Denne delen representerer også dei som ikkje møter opp på skulen etter sommarferien. Tala kan derfor ikkje direkte samanliknast med tala for skulesluttarar. Den gule pila viser elevar som går om igjen same årstrinn.

Samanlikna med tilsvarande tal for året før, ser vi ei positiv utvikling. Det er fleire som følger ordinær progresjon og gjer overgang mellom trinna, og det er færre som ikkje er registrerte i opplæring og som repeterer. Dette er ein god indikasjon på auka gjennomføring. Den største positive endringa er mellom Vg2 og Vg3, der det er ein auke på 2,3 prosentpoeng som fortset på neste nivå.

Desse tala viser likevel at ei av dei største utfordringane i opplæringsløpet er overgang frå Vg2 til Vg3 yrkesfag. Det er i denne overgangen elevane går frå å vere elevar til lærlingar, så tilgang på læreplassar vil i stor grad påverke overgangen. Det er likevel verdt å merke seg at ei svakheit med ei slik teljing er at tala ikkje inkluderer elevar som får seg lærekontrakt etter 1. oktober. I motsetnad til andre tal vi nyttar frå Udir inkluderer overgangstala også vaksne elevar.

Rapport om skulekvalitet i vidaregåande opplæring

I april 2016 gav Senter for økonomisk forskning (SØF) ut rapporten *Skulekvalitet i vidaregåande opplæring – Utarbeidelse av skulebidragsindikatorer og mål på skulekvalitet*. Rapporten var bestilt av Kunnskapsdepartementet og hadde som mål å berekne ein skulekvalitetsindikator til alle dei vidaregåande skulane i Noreg ved hjelp av sju skulebidragsindikatorar. Føremålet var todelt: å etablere ein felles nasjonal indikator på skulekvalitet, samt å etablere eit grunnlag for kvalitetsutviklingsarbeidet med dei vidaregåande skulane.

Resultatmål	Definisjon
Fullføring	Fullført vidaregåande opplæring innan fem år etter avslutta grunnskule.
Deltaking	Deltatt i vidaregåande opplæring alle semestera etter avslutta grunnskule til og med 6. semester. Det inkluderer alle som fullfører på normert tid og alle med normert progresjon.
Normert progresjon	Er i Vg3 seks semester etter avslutta grunnskule.
Normert fullføring	Fullført vidaregåande opplæring på normert tid. Normert tid er sett til tre år for elevar som startar studieførebuande utdanningsprogram, med unntak av idrettsfag der normert fullføring er sett til fire år fordi enkelte skular har fire år som normert tid. For elevar som startar på yrkesfagleg utdanningsprogram blir normert fullføring sett til fire år, med unntak av program som har meir enn fire år som normert tid. Medier og kommunikasjon som er sett til tre år.
Standpunkt karakterar	Gjennomsnittleg standpunkt karakter.
Norskeksamen	Gjennomsnittskarakter på avsluttande skriftleg eksamen i norsk hovudmål.
Skriftleg eksamen	Gjennomsnittskarakter på alle skriftlege eksamenar.
Skulekvalitet	Gjennomsnitt av alle skulebidragsindikatorar estimert for skulen.

Tabell 10: Dei sju skulebidragsindikatorane, samt skulekvalitetsindikatoren.

Dei fire første skulebidragsindikatorane tek for seg fullføring og gjennomføring, medan dei tre siste tek for seg faglege prestasjonar målt med karakterar. I og med at ein av indikatorane handlar om gjennomføring innan fem år er talmaterialet frå fleire år tilbake. Alle tal er eit gjennomsnitt av dei som starta vidaregåande opplæring i 2008 og 2009.

Rapporten fekk mykje merksemd i media, på skulane og hos skuleeigarar. Dels skuldast dette at det er første gong det kjem ut ein nasjonal rapport som rangerer alle dei vidaregåande skulane. Vidare kom sjølve publiseringa uventa på dei fleste i skulesektoren, samt at sjølve rapporten er av ein teknisk karakter og er derfor vanskeleg å forstå, som kan gi rom for mistolkingar.

Vekting av skulebidragsindikatorane

Vi veit at ulike skular har ulike inntakspoeng og soleis ulikt elevgrunnlag. Når ein vidare veit at dei med høge grunnskulepoeng generelt gjer det betre på alle desse indikatorane, gir det ikkje særleg mykje ny informasjon å berre sjå på resultatata i seg sjølv. Det som er nytt med denne rapporten, og som gjer at den er interessant, er at dei justerer resultatata opp mot grunnskulepoenga til elevane. Målet er altså å berekne «skulebidraget», og ikkje berre å rangere sjølve resultatata for kvar skule. Det betyr at dersom to skular i utgangspunktet har same resultat på t.d. indikatoren «norskeksamen», men ulikt snitt på inntakspoeng, så vil dei få ulik rangering. Eit avgjerande poeng er altså at alle indikatorane blir «vekta» ut frå elevane sine standpunkt karakterar frå grunnskolen. Dette medfører at skular som tradisjonelt gjer det bra på ulike målingar, ikkje nødvendigvis kjem betre ut enn skular som tradisjonelt ikkje gjer det, i og med at målet er å måle skulebidraget, og ikkje berre sjå på sjølve resultatata.

Skulekvalitetsindikatoren

Resultata for skulebidragsindikatorane blir målt opp mot gjennomsnittet for dei enkelte indikatorane. Gjennomsnittet blir uttrykt ved talet 0, slik at ein får eit positivt tal om ein er over gjennomsnittet og eit negativt tal om ein ligg under. Etter at dei sju ulike skulebidragsindikatorane er berekna og vekta opp mot grunnskulepoenga til elevane, blir den slått saman til sjølve skulekvalitetsindikatoren. Her blir resultatet gjort om til ein skala frå 1 til 6, der landssnittet ligg på 3,1.

Resultata for Hordaland

Resultata frå rapporten viste at skulekvalitetsindikatoren for dei offentlege skulane i Hordaland i snitt låg på 3,0, altså 0,1 prosentpoeng under nasjonalt snitt. Samtidig kunne ein sjå at det var svært stor variasjon mellom

skulane, alt frå 6,0 (best i Noreg) til 1,6. Skulekvalitetsindikatoren er som nemnd eit resultat av kva vekta resultat dei ulike skulane får på dei sju ulike skulebidragsindikatorane.

Rapporten som grunnlag for kvalitetsutvikling

Etter at rapporten kom ut, har både skular og skuleeigarar jobba med å sjå på korleis desse resultatane kan nyttast som utgangspunkt i kvalitetsutviklingsarbeid. Fleire påpeikar at det er knytt problem med å bruke resultatane til dette, gitt at resultatane ligg tilbake i tid.

Datamaterialet i rapporten er for elevane som begynte på vidaregåande skule i 2008 og 2009, altså nesten sju og åtte år før rapporten frå SØF ble presentert. Mange skular og fylkeskommunar har gjort mange tiltak og mykje kvalitetsutviklingsarbeid etter dette, så resultatane måler ikkje dagens skular og fylkeskommunar, men er historiske data.

Vidare er det slik at dei fire fyrste indikatorane blir knytt til den skulen elevane starta på, medan dei tre siste blir knytt til den skulen dei avsluttar på. Det at elevane byter skule og at skular anten slår seg saman eller blir nedlagt, fører til at det kan vere problematisk å ha tillit til at resultatane faktisk måler kvaliteten til den skulen det gjeld. 20 % av elevane og 15 % av dei vidaregåande skulane som inngår i rapporten har vore berørt av skulesamanslåingar. I tillegg har 19 % prosent av elevane avslutta på ein annan skule enn den dei starta på.

NIFU

Østfold fylkeskommune gav NIFU i oppdrag å gå gjennom SØF-rapporten. NIFU påpeikar at indikatorane som blir presentert i SØF-rapporten er berekna, og at det derfor er usikkert om ein har berekna «korrekte» skulebidrag. Usikkerheita skuldast at enkeltelevane med same karakternivå frå grunnskulen som går på same vidaregåande, oppnår ulike resultat og at det derfor er statistiske utfordringar knytt til det å sette *eitt* skulebidragstal for kvar indikator.

NIFU påpeikar mellom anna:

- Skulekvalitet er meir enn berre gjennomføring og karakterresultat.
- Skulane sitt arbeid med dei aller svakaste elevane får ikkje uttelling i SØF-rapporten, då elevane med færre enn ti standpunktarakterar blir fjerna frå statistikken.
- Dei aller fleste skulene skil seg ikkje signifikant frå gjennomsnittet når det gjeld skulebidragsindikatorane, og ein kan derfor ikkje sei om dei skil seg frå gjennomsnittet (gjeld mellom 53 og 88 % av skulane, avhengig av kva indikatorar ein ser på)

NIFU påpeikar at dette har vore underkommunisert i debatten som kom etter rapporten – mange skular og fylkeskommunar har sett på resultatane som om dei er signifikant forskjellige frå gjennomsnittet på 3,1. Dette har medført at skular som har ein skåre lågare enn 3,1 har oppfatta at dei «gjer det dårleg», sjølv om dei ikkje skil seg signifikant frå landsgjennomsnittet, og at det dermed ikkje kan sjåast bort frå at dei er gjennomsnittsskular. På den andre sida har skular som har skåra betre enn 3,1, oppfatta at dei «gjer det godt», sjølv om dei ikkje skil seg signifikant frå landsgjennomsnittet.

NIFU meiner at resultatane frå SØF-rapporten er lite eigna som utgangspunkt til arbeid med skuleutvikling, då ein utelukkande nyttar tal som er 7-8 år gamle. Mange tiltak og forbetringar har vore innført etter dette. Det blir uheldig om ein tolkar SØF-resultatane som om det gjeld dagens skule, slik det gjerne blir gjort av media og andre som ikkje har sett seg inn i rapporten.

Eifred Markussen, frå NIFU, har på bestilling frå HFK gått gjennom datamaterialet for HFK og vil presentere dette på ei rektorsamling hausten 2016.

Vegen vidare

På bakgrunn av dei tilbakemeldingane som har kome, har Udir sett i gang eit arbeid med å vidareutvikle indikatorane. Det betyr at neste års rapport truleg vil sjå noko annleis ut.

Uavhengig av rapporten *Skolekvalitet i vidaregåande opplæring*, så er dei sju skulebidragsindikatorane viktige kvalitetsindikatorar, og har vore brukt lenge både nasjonalt og lokalt. Ein forskjell er at opplæringsavdelinga og skulane nyttar nyare tal, særleg indikatorar knytt til 1/IV, fullført og bestått, standpunkt- og eksamenskarakterar. Auka læringsutbytte og fullføring har i fleire år stått heilt øvst på kartet i opplæringsavdelinga sitt kvalitets- og utviklingsarbeid ut mot skulane og gjer det framleis.

Resultat for skuleåret 2015/16


I første delen av kapittelet har vi brukt nasjonale tal frå Skoleporten og SSB for å gi ei oversikt over gjennomføringsgraden i vidaregåande opplæring og peike på ein del forskjellar. Når vi ønsker å sjå på resultat for skuleåret 2015/16, og ikkje over ein femårsperiode, må vi bruke lokale tal. Når vi brukar lokale tal har vi valt å ta med alle elevar på alle trinn på studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram, og ikkje berre avgangselevane. Fordi dei lokale tala i denne rapporten ikkje seier noko direkte om kor stor del elevar som fullfører og består eit utdanningsløp, kan tala derfor heller ikkje samanliknast med resultat frå Skoleporten eller SSB.

Fullført og bestått alle fag 2015/16

Tidlegare i kapittelet blei det peika på sosioøkonomiske høve og kjønn som faktorar for i kor stor grad elevane gjennomfører vidaregåande opplæring. Læringsresultat frå ungdomsskulen er også ein viktig faktor og heng også saman med dei to ovannemnte.

I snitt fullførte og besto 82,4 % av elevane i Hordaland alle faga sine skuleåret 2015/16, ein auke på 3,3 prosentpoeng frå skuleåret 2014/15. Desse tala viser berre til opplæring i skule, og inkluderer ikkje lærlingar.

Tydeleg samanheng mellom grunnskulepoeng og fullført og bestått i 2015/16



Figur 13: Samanheng mellom grunnskulepoeng (vassrett akse), og fullført og bestått alle fag (horisontal akse), skuleåret 2015/16. Vg1, Vg2 og Vg3 i skule, Hjernen og Hjertet.


Som grafen over viser, står gjennomføringsgraden i sterk samanheng med grunnskulepoenga elevane kjem inn med i vidaregåande opplæring. For dei som har 50 grunnskulepoeng eller meir, fullfører om lag 95 % av elevane, uavhengig av utdanningsretning. For elevane med låge inntakspoeng, er det ein større del av elevane som fullfører og består alle fag på yrkesfaglege utdanningsprogram enn studieførebuande utdanningsprogram.

Karakterpoengsum fra grunnskulen	0,1-30	30-35	35-40	40-45	45-50	>=50	Ukjent
Studieførebuande utdanningsprogram	1 %	4 %	12 %	26 %	29 %	25 %	3 %
Påbygging til generell studiekompetanse	12 %	23 %	24 %	19 %	10 %	5 %	7 %
Yrkesfaglege utdanningsprogram	18 %	24 %	24 %	17 %	7 %	3 %	6 %
Gjennomsnitt	9 %	14 %	18 %	22 %	19 %	15 %	5 %

Tabell 11: Karakterpoengsum frå grunnskulen 2015/16. Hjernen og Hjertet.

Tabellen over viser at det er ein betydeleg større del elevar med låg kompetanse på yrkesfag enn på studieførebuande. Av elevane som gikk på yrkesfag i 2015/16 var det 18 % som hadde inntakspoeng mellom 0 og 30. Tilsvarende tal for studieførebuande er 1 %. Denne ulikskapen ser ein gjennom heile karakterfordelinga, og er ein medverkande årsak til at gjennomføringsgraden er så ulik mellom utdanningsretningane.

Inntakspoeng og fullføring




Figur 14: Inntakspoeng og fullført og bestått skuleåret 2015/16. Hjernen og Hjertet.

I denne figuren kan ein sjå forholdet mellom inntakspoeng og grad av fullføring for kvart utdanningsprogram. Raud søyle viser inntakspoeng og gult punkt viser prosentvis kor mange i dei ulike utdanningsprogramma som fullførte og bestod alle faga sine skuleåret 2015/16. Som ein kan sjå, er det stor variasjon både når det gjeld inntakspoeng og grad av fullført og bestått mellom dei ulike utdanningsprogramma. Som vist i figur 13, er det sterk samanheng mellom grunnskulepoeng og grad av fullføring. Likevel ser vi at denne effekten har ulike utslag i ulike utdanningsprogram. Til dømes har BA ein gjennomføringsprosent som er mykje høgare enn RM (77,2 % mot 67,7 %), samtidig som dei samla grunnskulepoenga ligg noko lågare hos BA enn hos RM (32,5 mot 33,7). Det er verdt å merke seg Elektrofag, som har den høgaste fullføringsgraden av alle utdanningsprogram, samtidig også har grunnskulepoeng som ligg godt under det samla snittet.

Utdanningsspeilet 2016¹⁴ peikar på at elevar med svake resultat frå grunnskulen ser ut til å ha best føresetnader for å lukkast i utdanningsprogram med ein velfungerande og godt forankra lærlingordning, som t.d. BA, EL og TIP. Sjølv om desse tala berre viser del prosent fullført og bestått alle fag i skuleåret, kan grafen likevel fungere som ein indikator på at fag med godt forankra lærlingordningar gir seg utslag også i skulen.

¹⁴ <http://utdanningsspeilet.udir.no/innhold/kapittel-7/7-2-arsaker-til-forskjeller-i-gjennomforing/>

Prosentdel stryk og IV fortset å gå ned



Figur 15: Prosentdel elevar med stryk og IV til termin2/standpunkt og eksamen. PULS.

Figuren over viser del elevar som får 1 og IV (ikkje vurdering) til termin 2 eller standpunkt, samt 1 til eksamen. Sjølv om det ikkje er store endringar i løpet av dei tre skuleåra, er det likevel ei positiv utvikling. Dette er også tal som samsvarar med at det også er ein auke i del elevar som fullfører og består alle faga sine. I Hordaland har det over tid vore lagt ned mykje arbeid i arbeidet med vurdering for læring og oppfølging av elevar som står i fare for å ikkje bestå. Det er for tidleg å seie at dette representerer ei varig endring, og både opplæringsavdelinga og skulane må fortsette å halde fokus på oppfølging av elevar som er i risikograppa for å stryke eller ikkje få karakter.


Fråvær og avbrot i opplæringa

Gjennomføring av eit opplæringsløp føreset at elevane er til stades i undervisninga, og det er ein klar samanheng mellom fråvær og IV i fag og sluttarar.

	2012/13		2013/14		2014/15		2015/16	
	Dagar	Timar	Dagar	Timar	Dagar	Timar	Dagar	Timar
Hordaland - snitt	10,87	22,09	10,5	22,5	10,04	20,83	9,31	19,47

Tabell 12: Fråvær skuleåret 2012/13 til 2015/16. Privatistar og elevrader med avbrottsdato før 1.10. er ikkje med i berekningane. PULS.

Tabellen over viser det totale elevfråværet dei siste fire åra. Frå førre skuleår har dagfråværet i snitt gått ned med 0,73 dagar. Utviklinga er positiv i heile perioden. Timefråværet har gått ned 1,36 timar. Etter ein auke frå 2013/13 til 2013/14, har også dette fråværet gått ned. I grafen under får ein ei fråværsversikt for dei ulike utdanningsprogramma.



Figur 16: Fråvær (dagar og timar) fordelt på utdanningsprogram, 2015/16 og 2015/14. Privatistar og elevar med avbrottsdato før 1.10. er ikkje med i berekninga. PULS.

Som figuren viser, er det store variasjonar mellom dei ulike utdanningsprogramma. Fråværet har gått noko ned sidan førre år for dei fleste utdanningsprogramma, både når det gjeld dagar og timar. DH skil seg positivt ut når det gjeld totalfråvær. I motsett ende har SS ei negativ utvikling med ein auke i både dags- og timefråvær. Elektrofag er det utdanningsprogrammet med færrest fråværsdagar og -timar. Som vist til i figur 14, har dei også ein fullføringsprosent som er langt over dei andre yrkesfaga. Figuren også viser at MK framleis har høgast timefråvær.


Skulane har over tid hatt merksemd på oppfølging av fråvær, både for å sikre gode rutinar for føring av fråvær og for å redusere fråvær, gjennom arbeid med læringsmiljø og god klasseleiing.

Nye fråværsreglar frå 1. august 2016

Frå 1. august 2016 blei det innført nye fråværsreglar i den vidaregåande skulen. Om ein elev har meir enn 10 prosent udokumentert fråvær i timane i eit fag, vil han eller ho som hovudregel ikkje ha rett til halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter i faget, og læraren kan då ikkje sette karakter. Viss eleven har mellom 10 og 15 prosent udokumentert fråvær og fråværsårsaka gjer det klart urimeleg at eleven ikkje skal få karakter, kan rektor bestemme at han eller ho likevel får karakter.

I tillegg til å vere innanfor fråværsgrrensa må også eleven ha vurderingsgrunnlag i fag. Når vi då ser på kor stor del av elevane som har 10 prosent eller meir fråvær, vil ikkje desse tala seie noko om kor vidt eit fagleg vurderingsgrunnlag er til stades eller ikkje.

Korleis det totale fråværestalet er fordelt, ser ein i figuren under. Figuren illustrerer berre fordeling av kor stor del elevar som er over eller under ei 10 prosent-grense i skuleåret 2015/16, då vi ikkje kan kople fråværsdata mot kvart enkelt fag. Når vi ser på utdanningsprogramnivå, ser vi likevel at påbygg, Design og handverk og Service og samferdsel er dei utdanningsprogramma som i snitt ligg høgast på prosent totalfråvær. Som figuren viser, er det ingen endring eller positiv utvikling i segmenta, med unntak av del elevar som har fråvær mellom 0 og 2,5 %, der det var ein auke på tre prosentpoeng i 2015/16 samanlikna med året før.



Figur 17: Oversikt over totalfråvær 2015/16 og 2014/15. Hjernen og Hjertet.

Kritiske sluttarar


Det finst ulike kategoriar av sluttarar. *Skulesluttarar* er dei som avbryt i løpet av skuleåret. Desse blir registrerte med dato og avbrotårsak og ein har god statistikk på desse. *Overgangssluttarar* er dei som avbryt mellom to skuleår, eller ikkje går vidare i lære. Desse kjem ikkje med i skulen si oversikt over sluttarar.

I NIFU si undersøking *Å redusere bortvalg – bare skolenes ansvar?*¹⁵, viste det seg at det i Akershus i 2010/11 var om lag 60 % av sluttarane overgangssluttarar. For å forstå dette med fråfall og sluttarar, må ein altså sjå både på skulesluttarane og overgangssluttarane for å få det heile bilete.

Skulesluttarane er ei differensiert gruppe og gjeld både elevar som sluttar for å begynne på ein annan skule, ei anna utdanning, flyttar, eller til dømes for å begynne i lære. Desse er ikkje reelle sluttarar fordi dei fortset skuleløpet på ein annan skule eller på eit anna utdanningsprogram. Dei blir likevel registrert som sluttarar. For å sjå dei reelle sluttarane, må vi sjå på dei som sluttar på grunn av stort fråvær, feilval, fagvanskar, personlege årsaker/sjukdom eller fordi dei er skulelei og/eller manglar motivasjon. Desse kallar vi for *kritiske sluttarar*.

For å få fram talet på dei kritiske sluttarane, har vi plukka ut dei sluttarane som fell inn under sluttårsak *personlege årsaker, stort fråvær, feilval, skulelei/motivasjon, fagvanskar* og *anna*¹⁶. Dette er elevar som avbryt opplæring i skuleåret utan å byrja på eit anna fag eller ein annan skule.

Som ein kan sjå, har talet på kritiske sluttarar gått noko ned dei siste åra.



Figur 18: Prosentdel kritiske sluttarar. Hjernen og Hjertet.

Avbrotårsak	2013/14	2014/15	2015/16
Personlege årsaker	209	161	166
Stort fråvær	180	169	126
Anna	173	107	121
Feilval	110	79	61
Skulelei/motivasjon	70	52	30
Fagvanskar	3	2	0
SUM	745	570	504

Tabell 13: Tal på kritiske sluttarar dei siste tre åra. Hjernen og Hjertet

¹⁵ <http://www.nifu.no/files/2012/11/NIFUrapport2012-6.pdf>

¹⁶ Fordi ein har manuelt plukka ut kritiske sluttarar i desse tala, er dei ikkje samanliknbare med tala i førre Tilstandsrapport.

Avbrotsårsaker


Som ein kan sjå av tabell 13, er *personlege årsaker*, *stort fråvær* og *anna* dei tre største kritiske sluttårsakene. Vi veit at psykiske vanskar har vore eit aukande tema i skulen dei siste åra. Om det betyr at det er fleire med psykiske utfordringar, eller om det er meir openheit om dette er vanskeleg å svare på, men det er grunn til å tru at dei fell inn under kategoriane *personlege årsaker* og *anna*. I rapporten *Å redusere bortvalg – bare skolenes ansvar?* står det blant anna: *Vi tror også at både «feilvalg» og «lav motivasjon» for skole, slik dette er oppgitt som årsaker til slutting i vårt materiale, i mange tilfeller kan dekke over at eleven har psykiske vanskeligheter eller at eleven har faglige problemer.*

Det er viktig å ikkje sjå seg blind på sjølve sluttkategoriene, då det snarare er snakk om eit samspel mellom fleire element – det er til dømes ikkje lett å seie kva som kjem først av feilval, låg motivasjon, fråvær og personlege utfordringar. Viktigare er det å slå fast at det er ein for stor prosentdel elevar som av ulike årsaker ikkje greier å fullføre eit skuleløp. Eitt av tiltaka i oppfølging av forvaltningsrevisjon av forholdet mellom skuleeigar og skular i Hordaland er nettopp å fokusere på sluttårsaker i oppfølging av skulane.

Berre elevar som sluttar etter 1. oktober blir talde med i sluttarstatistikken. Elevar som sluttar etter 1. oktober har brukt eitt år av sin lovfesta ungdomsrett, og det er den offisielle datoen for rapportering til nasjonale statistikkar. Elevar som sluttar før denne datoen blir derfor ikkje talde med i statistikken over.

Overgangssluttarane

Overgangssluttarane er elevar som var i Vg1 eller Vg2 i eitt skuleår, og som er forventa å fortsette på neste nivå skuleåret etter, men som ikkje gjorde det. Det kan vere ulike grunner til at ein avbryt opplæringa, og det varierer i kva grad dei kjem tilbake.



Figur 19: Prosentdel elevar som ikkje har følgd ordinær progresjon. Skoleporten.

Figuren over gir informasjon om overgangane mellom trinna i offentlig vidaregåande opplæring i Hordaland, og viser status for dei som var i vidaregåande opplæring 2014/15 og kva dei gjer no. Til dømes er 5,6 % av dei som gikk på Vg1 studieførebuande i 2014/15 ute av opplæringa i 2015/16. Indikatorane gjeld overgangar i skuleløpet i vidaregåande, og indikatorane følger derfor berre elevar, ikkje lærlingar. Informasjon om overgangar i vidaregåande opplæring kan ikkje seie noko direkte om kor stor den delen blir som kjem til å fullføre og bestå vidaregåande opplæring. Det er likevel rimeleg å gå ut frå at ein auke i delen med ordinær progresjon vil føre til ein høgare del med fullført og bestått.

Ute av utdanning i eitt år er definert ved ikkje å vere registrert i vidaregåande opplæring året etter. *Repetisjon* av trinn er definert som overgang til eit programområde på same eller lågare nivå.

Som ein kan sjå er den mest kritiske overgangen etter Vg2 for yrkesfaga. Bak prosentdelen 20,4 er det heile 623 yrkesfagelevar som ikkje har kome seg vidare i utdanninga si i 2015/16. Her er det viktig å få fram at den nasjonale teljedatoen for overgangssluttarane er 1. oktober, medan formidling av læreplassar ikkje sluttar etter den datoen. Dette betyr at t.d. fleire vil få læreplass etter at dei er registrert som «ute av opplæring» etter Vg2 på yrkesfag.

Når elevar ikkje får læreplass, skal fylkeskommunen tilby ei tilsvarande opplæring i form av eit Vg3 i skule, slik at elevane får oppfylt retten sin til treårig vidaregåande opplæring. HFK hadde i 2015 tilbod innan bilfag, elektriskar, maritime fag, industrimekanikar, havbotninstallasjonar, CNC-operatør, plate og sveis og IKT-servicefag. Nokre av desse løpa er utvida frå 12 til 18 månader. Det er framleis høgare strykprosent på desse kandidatane, men vi har sett ei positiv utvikling dei siste åra.

Auka læringsutbytte

Auka læringsutbytte er eitt av to hovudmål for den vidaregåande opplæringa i Hordaland. Med utgangspunkt i skulen sine ulike og mangfaldige oppgåver, kan omgrepet læringsutbytte definerast vidt. Denne rapporten måler læringsutbyttet primært gjennom karakternivå og karakterutvikling, men det må presiserast at karakterar ikkje gir eit fullgodt svar på spørsmål om kvalitet og læringsutbytte. For å få eit meir utfyllande bilete av kvaliteten, utviklinga og utbyttet frå opplæringa må vi også ta omsyn til informasjon frå styringsdialog og arbeidet med det verksemdsbaserte vurderingsarbeidet. Karakterar gir likevel verdifull informasjon om nivå og resultat i skulen, og er den beste kjelda vi har for å vurdere utvikling og samanlikning med nasjonalt nivå.

Etter- og vidareutdanning av mellom anna lærarar, faglege leiarar og instruktørar (bedrift), skuleleiarar, rådgivarar og elevinspektørar er eit av skuleeigar sine viktigaste tiltak for å styrke elevane og lærlingane si læring med mål om auka læringsutbytte og fullføring.

I tillegg til å sjå på aggregerte karakterresultat, inkluderer denne rapporten ei oversikt over strategiar knytt til kompetanseutvikling som verktøy for kvalitetsutvikling i skulen. Primært er det knytt opp mot etter- og vidareutdanning av tilsette i skulane, tre pedagogiske kompetanseutviklingsområde og internasjonaliseringsarbeid.

Kapittelet er derfor inndelt på følgande måte:

Karakternivå viser samla snitt i standpunktarakterar i sentrale fellesfag og avvik mellom standpunkt og eksamen i dei fellesfaga kor elevane også har vore oppe til eksamen.

Kompetanseutvikling viser til strategiane HFK har for etter- og vidareutdanningsfeltet og ei vurdering av aktivitetane i skuleåret 2015/16.

Interkulturell kompetanse viser til tilbodet HFK har på internasjonaliseringsområdet, i samsvar med det overordna arbeidet i fylkeskommunen som vektlegg at ungdom skal få internasjonal kompetanse, erfaring og medansvar.

Karakternivå

Samla karaktersnitt i fellesfag

Fellesfag er obligatoriske fag som alle elevane skal ha. Faga norsk, engelsk, matematikk, naturfag, samfunnsfag og kroppsøving må alle elevane gjennom uavhengig av kva utdanningsprogram dei går på. Tabellen under viser resultat i desse faga i skuleåret 2014/15 og 2015/16 i HFK, og nasjonalt 2015/16.

På fylkesnivå er karakterresultata i det heile og store stabile mellom dei to åra. Det er ein minimal nedgang i matematikk 2P-Y (Vg3 påbygg) og norsk Vg3 påbygg, med 0,1 og 0,2 karakterpoeng. Samanlikna med nasjonalt nivå ligg vi også under snittet i desse to faga i tillegg til matematikk 2P (Vg2 studieførebuande). HFK ligg elles over nasjonalt snitt i sju andre fag. Også her er det minimale forskjellar å sjå.

Fellesfag, standpunkt	HFK 2014/15	HFK 2015/16	Nasjonalt 2015/16
Engelsk, Vg1 studieførebuande utdanningsprogram (ENG1002)	4,3	4,4	4,3
Engelsk, Vg2 yrkesfaglege utdanningsprogram (ENG1003)	3,5	3,5	3,5
Matematikk 1P (MAT1011)	3,2	3,5	3,5
Matematikk 1P-Y (MAT1001)	3,2	3,3	3,3
Matematikk 1T (MAT1013)	4,0	4,0	3,9
Matematikk 1T-Y (MAT1006)	3,9	3,9	3,8
Matematikk 2P (MAT1015)	3,4	3,4	3,5
Matematikk 2P-Y (MAT1005)	3,2	3,1	3,2
Naturfag, Vg1 studieførebuande utdanningsprogram (NAT1002)	4,3	4,4	4,2
Naturfag, Vg1 yrkesfagleg utdanningsprogram (NAT1001)	3,5	3,6	3,5
Naturfag, Vg3 påbygging til generell studiekompetanse (NAT1003)	3,7	3,5	3,6
Norsk hovudmål, Vg3 påbygging til generell studiekompetanse, skriftleg (NOR1231)	3,3	3,3	3,3
Norsk hovudmål, Vg3 studieførebuande utdanningsprogram, skriftlig (NOR1211)	3,8	3,9	3,9
Norsk sidemål, Vg3 påbygging til generell studiekompetanse, skriftleg (NOR1232)	3,1	3,1	3,1
Norsk sidemål, Vg3 studieførebuande utdanningsprogram, skriftleg (NOR1212)	3,7	3,7	3,6
Norsk, Vg2 yrkesfaglege utdanningsprogram (NOR1206)	3,6	3,7	3,6
Norsk, Vg3 påbygging til generell studiekompetanse, munnleg (NOR1233)	3,8	3,8	3,8
Norsk, Vg3 studieførebuande utdanningsprogram, munnleg (NOR1213)	4,3	4,3	4,3
Samfunnsfag Vg1 studieførebuande og Vg2 yrkesfaglege utdanningsprogram (SAF1001)	4,1	4,1	4,1
Kroppsøving Vg2 yrkesfaglege utdanningsprogram (KRO1005)	4,1	4,2	4,1
Kroppsøving Vg3 studieførebuande utdanningsprogram (KRO1006)	4,5	4,6	4,6

Tabell 14: Standpunkt fellesfag 2015/16. Hjernene og Hjertet.

Avvik mellom standpunktkarakterar og eksamen i Hordaland

Det blir gitt karakterar både i standpunkt og eksamen, men i dei fleste fag blir berre delar av elevgruppa trekte ut til eksamen. Denne tabellen viser gjennomsnittlege standpunktkarakterar for dei elevane som har vore oppe til eksamen i dei same faga.

Tabellen viser at gjennomsnittleg eksamenskarakter er lågare enn gjennomsnittleg standpunktkarakter i så godt som alle faga. Nokre av fellesfaga har opp mot eitt karakterpoeng i differanse mellom standpunkt- og

eksamenskarakter. Det er verdt å merke seg at i desse faga er det relativt få elevar som har vore oppe til eksamen, og resultatane kan då vere sårbare for tilfeldig svingingar, i tillegg til at ein standpunktkarakter har eit langt breiare vurderingsgrunnlag enn eksamen. Ein tendens er at gjennomsnittleg standpunktkarakter ligg om lag ein halv karakter over gjennomsnittleg eksamenskarakter, noko som også samsvarar med nasjonale tal.

Skulane tematiserer ofte utfordringa i eigne tilstandsrapportar, og opplæringsavdelinga følger opp der det er større differansar i skulebesøka. Dei nyoppretta fagnettverka har også *vurdering* som ein sentral del av sine mandat, og gjennom nettverket sitt arbeid skal det jobbast for å skape ein meir felles vurderingspraksis.

Fag	Standpunkt	Skrifleg eksamen	Avvik	Tal elevar
Engelsk, Vg1 studieførebuande utdanningsprogram (ENG1002)	4,0	3,3	-0,7	186
Engelsk, Vg2 yrkesfaglege utdanningsprogram (ENG1003)	3,6	2,9	-0,7	231
Matematikk 1P (MAT1011)	3,8	3,0	-0,8	84
Matematikk 1P-Y (MAT1001)	3,2	2,8	-0,4	344
Matematikk 1T (MAT1013)	3,9	3,3	-0,6	165
Matematikk 1T-Y (MAT1006)	3,9	3,0	-0,9	29
Matematikk 2P (MAT1015)	3,6	2,9	-0,7	279
Matematikk 2P-Y (MAT1005)	3,2	2,7	-0,5	370
Norsk hovudmål, Vg3 påbygging til generell studiekompetanse, skriftleg (NOR1231)	3,4	2,8	-0,6	920
Norsk hovudmål, Vg3 studieførebuande utdanningsprogram , skriftleg (NOR1211)	3,9	3,5	-0,4	2 468
Norsk sidemål, Vg3 påbygging til generell studiekompetanse, skriftleg (NOR1232)	3,1	2,8	-0,3	400
Norsk sidemål, Vg3 studieførebuande utdanningsprogram, skriftleg (NOR1212)	3,7	3,5	-0,2	1 186
Norsk, Vg2 yrkesfaglege utdanningsprogram (NOR1206)	3,7	3,2	-0,5	223

Tabell 15: Differanse standpunktkarakterar og eksamen. Hjernene og Hjertene, 2016.

Auka læringsutbytte for elevar med kort butid i Noreg

Dei siste månadene i 2015 tok Hordaland i mot svært mange asylsøkarar. Av desse var meir enn 100 i alderen 15-18 år. I Bergen, på Stord og i Lindås opna mottak for einslege mindreårige med om lag 30 bebuarar i kvart mottak. Mange av elevane starta rett i 10. trinn i ungdomsskular, fekk vitnemål i juni 2016, og fekk dermed rett til vidaregåande opplæring frå skuleåret 2016/17. HFK utvida derfor tilbodet i norsk ved sommarskule i Bergen og på Stord, slik at det var fire grupper med til saman meir enn 50 deltakarar i to veker. Opplæringsavdelinga har fått mange positive tilbakemeldingar etter sommarskule, frå mottak, elevar og lærarar. Liknande tilbod vil bli oppretta neste sommar om det blir naudsynt.

Som ein konsekvens av auka i tal asylsøkarar blei det også oppretta kombinasjonsklassar ved Fyllingsdalen vgs hausten 2016, for minoritetsspråklege elevar i alderen 16-20 med kort butid og lite skulebakgrunn. Klassen er toårig, og skal gi elevane eit betre grunnlag til å gjennomføre vidaregåande opplæring. Elevane får undervisning i dei seks fellesfaga, og kan ta grunnskuleeksamen medan dei er elevar i ein vidaregåande skule. 13 av elevane var søkt inn til innføringsklassane og 13 skulle gått på Nygård skole på grunnskule for vaksne.

Pilotprosjektet skal vare i to år og er eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune. Det var ikkje mogeleg å søke plass i kombinasjonsklassen på Fyllingsdalen vgs i haust. Bergen kommune plukka ut aktuelle kandidatar frå grunnskule for vaksne på Nygård skole. I tillegg tilbydde Hordaland fylkeskommune plassar til personar som allereie hadde søkt seg til innføringsklassar. Frå skuleåret 2017/18 blir det vanleg innsøking.

Skuleåret 2015/16 blei det utarbeidd og publisert ei digital handbok¹⁷ til bruk i skulane. Handboka skal gjere det lettare for skulane, elevane og dei føresette å orientere seg om rettar og mogelegheiter minoritetsspråklege elevar har i vidaregåande opplæring.

HFK, i samarbeid med UiB, etablerte i førre skuleår etterutdanning for lærarar i norsk som andrespråk. Kursa er lagt opp med fire samlingar spreidd på vår og haust 2016. 30 lærarar frå 16 skular deltek i etterutdanninga.

Tilsyn på § 3-12 særskilt språkopplæring

HFK fekk tilsyn frå Fylkesmannen i Hordaland på korleis skuleeigar følger opp lovkrav i samband med § 3-12 i opplæringslova og korleis skulane sitt arbeid med elevane sitt utbytte blir følgt opp. Fylkesmannen konkluderte med at HFK ikkje hadde eit forsvarleg system, jf. opplæringslova § 13-10, til å sikre at sakshandsaming og enkeltvedtak var i samsvar med regelverket i opplæringslova og forvaltningslova.

Gjennom arbeidet med tilsynet var opplæringsavdelinga i god dialog med skulane, og HFK har no fått betre rutinar og prosedyrar for å følge opp skulane sitt arbeid med særskilt språkopplæring. Gjennom arbeidet har også rutinar og prosedyrar blitt tydelegare for skulane slik at elevar som har rett til særskilt språkopplæring får oppfylt retten. Etter at HFK la fram ny dokumentasjon på eigne rutinar, konkluderte fylkesmannen med at lovbrota no er retta og at praksis er i samsvar med opplæringslova og forskrift.

Kompetanseutvikling

Etter- og vidareutdanning av mellom anna lærarar/instruktørar, faglege leiarar (bedrift), skuleleiarar, rådgivarar og elevinspektørar er eit av skuleeigar sine viktigaste tiltak for å styrke elevane og lærlingane si læring med mål om auka læringsutbytte og fullføring.

Etterutdanning

Med etterutdanning meiner ein kompetanseheving som fornyar og fyller ut den formelle kompetansen ein allereie har. I motsetnad til vidareutdanning gir ikkje etterutdanning auka formalkompetanse gjennom studiepoeng.

Fagnettverk

På bakgrunn av vedtak i fylkestinget 8.3.16, sak PS20/2016, har fylkesdirektør opplæring oppretta fagnettverk innanfor ulike utdanningsprogram/fagområde, som erstatta det gamle FAU-systemet. Nettverka består av lærarar, skuleleiarar, skuleeigarrepresentantar og eksterne representantar frå næringsliv eller universitets- og høgskulesektoren. Kurs og samlingar nettverka arrangerer skal bidra til utvikling av undervisnings- og vurderingspraksis i fag, der elevar og lærlingar si læring står i sentrum.

Fagnettverka er oppretta og er hausten 2016 i etableringsfasen.

Skulebasert kompetanseutvikling

Kunnskapsdepartementet og Utdanningsdirektoratet har i dei seinare åra vektlagt større satsing på skulebasert kompetanseutvikling. Dette er ein strategi HFK vil følge opp og prioritere i komande strategiperiode.

Skulebasert kompetanseutvikling inneber at skulane får til utviklingsprosessar på eigen arbeidsplass, gjerne i samarbeid med eksterne kompetansmiljø. Målet er å utvikle skulen sin samla kompetanse når det gjeld læring, undervisning og samarbeid. Auka fokus på skulebasert utvikling betyr at Hordaland fylkeskommune i større grad må sjå kompetanseutvikling og skuleutvikling i samanheng.

Læringsprosjekt er utviklingsarbeid skulane set i verk med fokus på korleis IKT kan bidra til betre læring i fag. Prosjekta skal også bidra til kompetanseutvikling på fleire nivå i skulane. Elev, lærar, skuleleiing og IKT-konsulent inngår i skulane sin utviklingsplan. Skulane søker opplæringsavdelinga om økonomisk og fagleg støtte til utvikling av læringsprosjekt. Alle prosjekta er tilgjengeleg på www.laringihordaland.no

Skuleåret 2015/16 blei det utbetalt kr. 951 000 til læringsprosjekt. Tal læringsprosjekt i 2015 var 20, medan talet i 2016 var 23.

¹⁷ <http://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/utdanning2/vg-skole/filer/handbok-for-opplaring-av-minoritetssprakleg.pdf>

Vidareutdanning

Med vidareutdanning meiner ein utdanning frå universitet og høgskule som gir formell kompetanse og kan omfatte både påbygging på fag ein allereie har utdanning i, og utdanning i nye fag. Vidareutdanning skal vere målretta mot fagområde det er særleg behov for å styrke. Vidare skal dei vere retta inn mot lærarar som profesjonsutøvarar og gi fagleg og didaktisk kompetanse i faga. Kva fag og pedagogisk kompetanse som skal prioriterast kvart år skal drøftast i samband med den årlige rulleringa av *Plan for kompetanseutvikling*.

Skuleåret 2015/16 deltok 81 lærarar i den nasjonale ordninga *Kompetanse for kvalitet*, ei ordning som gir frikjøp eller stipend til lærarar som tar vidareutdanning. Av dei 81 som deltok i ordninga, vidareutdanna 42 lærarar seg innan realfag, 20 innan språkfag, inkl. andrespråkslæring og 19 innan prosjekt til fordjuping og master i yrkespedagogikk. I tillegg deltok 13 skuleleiingar på rektorutdanninga, også finansiert av staten. Av lokale midlar vidareutdanna HFK 15 lærarar innan tilpassa opplæring/spesialpedagogikk.

Pedagogiske kompetanseutviklingsområde

Plan for kompetanseutvikling, vedtatt i fylkestinget, 8.3.16., beskriv HFK sine prioriterte pedagogiske kompetanseutviklingsområde i perioden 2016-2020. Dei baserer seg på nasjonale og lokale føringar og oppdatert forskning på skulesektoren, og skal bidra til å nå overordna nasjonale og lokale mål.

Dei fire prioriterte områda er

- Klasseleiing
- Vurdering for læring
- Pedagogisk bruk av IKT
- Læringsmiljø (særskilt kommentert i eige kapittel)


Klasseleiing

Klasseleiing kan vi forstå som læraren si evne til å skape eit positivt klima, etablere arbeidsro og motivere til arbeidsinnsats. Internasjonal forskning viser at det er viktig at læraren har ein tydeleg struktur i undervisninga, med klart formulerte mål og forventningar til elevane tilpassa den enkelte sine føresetnader og behov. Det er også viktig at elevane får konstruktive tilbakemeldingar på fagleg og sosial utvikling, og er aktive i eige læringsarbeid. Klasseleiing og vurderingsarbeid heng derfor nøye saman.

Mange skular seier gjennom eigne rapporter at dei jobbar med klasseleiing med ei strukturell og relasjonell tilnærming. Dei er opptekne av at lærarane skapar ein god arbeidsro og at elevane møter ei like regelhandtering uavhengig av kva undervisning elevane har. Samtidig er det vesentleg at elevane opplever gode relasjonar med lærarane og medelevane for fagleg læring. Desse vurderingane ligg til grunn for tiltak skulane har jobba med over tid.


God klasseleiing kan ikkje utøvast utan at relasjon med elev og elevgruppa er god. Indikatorar som kan seie noko om dette på fylkesnivå finn vi gjennom Elevundersøkinga.

Grafen under viser indeksen *Støtte frå lærarane*, som viser elevane si oppleving av emosjonell og fagleg støtte frå lærarane. Tala er stabile over tid, og dei fleste elevane opplever at dei har lærarar som gir dei støtte og hjelp i skulearbeidet, som bryr seg om dei og har tru på dei.



Figur 20: Elevundersøkinga. Støtte frå lærarane. 2015.

Indeksen *Læringskultur* måler elevane si vurdering av å vere i eit læringsmiljø som er prega av ro og rom for å gjere feil, og der elevane i klassen prioriterer skulearbeid. Til alle desse spørsmåla er det ei positiv utvikling dei siste åra.




Figur 21: Læringskultur. Elevundersøkinga 2015.

Vurdering for læring


Alle skulane må vise korleis dei systematisk jobbar for å utvikle ein praksis som har fokus på vurdering for læring. Tiltak skulane set i verk skal legge vekt på følgande prinsipp som er forankra i forskrift til opplæringslova.

- Elevane skal forstå kva dei skal lære og kva som er forventa av dei.
- Elevane skal få tilbakemeldingar som fortel dei om kvaliteten på arbeidet eller prestasjonen.
- Elevane skal få råd om korleis dei kan forbetre seg.
- Elevane skal vere involverte i eige læringsarbeid ved mellom anna å vurdere eige arbeid og eiga fagleg utvikling.

Elevundersøkinga stiller spørsmål om korleis elevane opplever ulike høve ved vurderingspraksisen i fag, der skalaen går frå «I alle eller dei fleste fag» til «ikkje i nokon fag».



Figur 22: Elevundersøkinga 2015. Vurdering for læring.



Figur 23: Elevundersøkinga 2015. Vurdering for læring

Sjølv om resultatane i det store og heile er stabile, ser vi ei forskyving gjennom at elevane svarar meir positivt på alle spørsmål, samanlikna med Elevundersøkinga hausten 2014. Særleg er det spørsmål om elevane får hjelp til å tenke gjennom korleis dei utviklar seg i faget som har ei positiv utvikling. Sjølv om det er ei positiv utvikling, og elevane opplever ein god vurderingspraksis i mange fag, er det framleis behov for å halde trykk på vurdering som tema. Ein for stor del av elevane rapporterer at dei ikkje forstår kva dei skal gjere for å utvikle seg vidare i faga. Gjennom skulebesøka blir det stadfesta at dette er eit utviklingsområde som framleis blir framheva. Mellom anna peikar skulane på variasjonar i korleis elevane opplever vurderingspraksis avhengig av kva utdanningsprogram dei går på.

Gjennom felles nasjonalt tilsyn våren 2016 gjennomførte fylkesmannen tilsyn på m.a. elevane sitt læringsutbytte, herunder vurdering. I all hovudsak gav det positive resultat, t.d. på tema som skulen sitt arbeid med opplæring i fag, undervegsvurdering for å sikre elevane sitt læringsutbytte og undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring. Det blei likevel avdekkja brot på opplæringslova på området eigenvurdering. Avviket gikk ut på at ikkje alle lærarane hadde ein vurderingspraksis som var i samsvar med lovverket. Skulen som deltok i tilsynet rapporterte i etterkant at dei no har blitt mykje meir fokusert på korleis dei kan styrke eigen praksis for å få elevane til å jobbe meir systematisk med eigenvurdering.

Det er nærliggande å tru at praksis med eigenvurdering også sprikar på andre skular enn tilsynsskulen, og opplæringsavdelinga vil fortsette å sette temaet på dagsorden gjennom skulebesøk. Samtidig er det å engasjere elevar i eigenvurderingsarbeidet krevjande, noko ein har sett over tid. Det er ikkje berre i HFK dette er ei pedagogisk utfordring, men noko ein i stor grad også opplever nasjonalt.

Pedagogisk bruk av IKT

I kva grad bruk av IKT bidreg til auka læringsutbytte og auka gjennomføring heng saman med korleis IKT blir brukt til å nå læringsmål og pedagogiske mål i kvart enkelt fag. Elevundersøkinga har ikkje variablar på dette området, og undervisningsevalueringa blei i skuleåret 2015/16 ikkje gjennomført i eit system som gjer at det finst aggregerte data på fylkesnivå. Det betyr at opplæringsavdelinga ikkje har kvantitative data dette året. Skulane har likevel over tid rapportert på korleis dei nyttar IKT i læringsarbeidet og utfordringane dei erfarer, gjennom eigne tilstandsrapportar.

Desse rapportane, og erfaring frå utviklingsarbeid og læringsprosjekt i Hordaland, viser særskilt at skulane brukar IKT til utvikling av god vurderingspraksis og tilpassa opplæring¹⁸. I høve til vurdering, og særskilt vurdering for læring, ser vi at IKT-støtta vurderingspraksis mogeleggjjer nærare og meir presis tilbakemelding undervegs i læringsarbeidet. Bruk av video og verktøy for samskriving er to sentrale kategoriar av verktøy knytt til undervegsvurdering. I høve til eigenvurdering, både for elev og lærar, samt dokumentasjon, ser vi at bruk av video er særskilt nyttig.

Bruk av IKT i arbeid med tilpassa opplæring (differensiering) har også vore omtalt i tidlegare tilstandsrapportar. Vi ser at trenden med bruk av undervisningsvideoar (omvendt undervisning) for å frigjere tid i klasserommet til å etablere ein meir elevsentrert pedagogikk held fram. Utbyttet av IKT kjem særleg fram når lærarar klarar å utnytte eigenskapar ved teknologiane til å endre strukturar og organisering av læringsarbeidet, slik at elevane blir meir aktive og jobbar med utgangspunkt i eigen progresjon i faget. Bruk av nettbrett og mobile einingar til spesialundervisning er eit anna område der vi ser at utviklinga held fram.

Skulane rapporterer at kompetanse i korleis bruke IKT i læringsarbeidet har ei positiv utvikling, men desse erfaringane, og andre undersøkingar, viser at utviklinga likevel må sjåast som stegvise endringar – gradvis og over tid. Skulane rapporterer framleis at dei slit med å få med delar av lærarkollegiet i å utnytte potensialet som ligg i bruk av IKT. Dette må sjåast i samanheng med både motstand mot å endre eigen praksis, men også at den reelle nytta ved bruk av IKT-verktøy ikkje er like openbar i alle fag. Utfordringar med IKT-bruk er også knytt til klasseleiing og felles tilnærming til reglar for bruk av IKT i undervisninga. Resultat på lokalt nivå stemmer overeins med forskning og undersøkingar på nasjonalt nivå, som viser at det tek tid å endre undervisning i praksis¹⁹.

¹⁸ <https://www.laringihordaland.no>

¹⁹ T. E., Hauge & A. Lund (red.), *Små skritt eller store sprang? Om digitale tilstander i skolen*. Cappelen Damm Akademisk.

Interkulturell kompetanse

Fylkesrådmannen orienterte utval for opplæring og helse og fylkesutvalet om internasjonalisering i vidaregåande opplæring, den 7. og 21. september, saksnr. RS 29/2016 og 129/2016

Det er etablert mange tilbod i utlandet i regi av Hordaland fylkeskommune for elevane i vidaregåande opplæring. Årleg sender HFK om lag 70-75 elevar til skular i regionar som fylkeskommunen har samarbeidsavtalar med. Ordningane omfattar både studieførebuande og yrkesfaglege utdanningsprogram. Tilbod om å ta ein del av den vidaregåande opplæringa eller gjennomføre eit praksisopphald i utlandet er i samsvar med det overordna internasjonale arbeidet i fylkeskommunen som vektlegg at ungdom skal få internasjonal kompetanse, erfaring og medansvar.

Kvart år sender HFK elevar og lærlingar på praksisopphald i fleire land i Europa gjennom EU-programmet Erasmus+. Erasmus+ er EU sitt program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett for perioden 2014-2020, og byggjer oppunder EU sin vekststrategi *Europe 2020*. Nokre av dei mest sentrale satsingsområda i Erasmus+ er kvalitet i undervisning og opplæring, innovasjon, samt kopling mellom utdanning og arbeidsliv. I dei tre siste åra har fylkeskommunen sendt om lag 100 elevar og lærlingar på praksisopphald kvart år til mellom 10-13 europeiske land.

Cardiff, Wales

Knarvik vidaregåande skule koordinerer utvekslinga av elevar til Cardiff-området. Tilbodet har eksistert sidan skuleåret 1996-97, og er eit tilbod på studiespesialiserande utdanningsprogram.

Missouri, USA

Øystese gymnas koordinerer hordalandsklassen ved St. Paul Lutheran High School i Concordia i Missouri. Dei første elevane starta hausten 1998, og tilbodet er på studiespesialiserande utdanningsprogram.

Erfurt, Tyskland

Askøy videregående skole er koordinator for samarbeidet med Erfurt i Thüringen i Tyskland. Fylkeskommunen har to hordalandsklassar i Erfurt: ein for elektroelevar og ein for elevar på studiespesialiserande utdanningsprogram.

Normandie, Frankrike

Voss gymnas er koordinatorskule for hordalandsklassen i Normandie (tidlegare Nedre-Normandie) i Frankrike. Fylkeskommunen har sidan skuleåret 2011/12 hatt tilbod til elevar på studiespesialiserande utdanningsprogram om å ta eit skuleår ved fire skular i Normandie.

Babolna, Ungarn

Voss jordbruksskule har sidan skuleåret 2008/09 vore koordinator for samarbeidet med Pettko-Szandtner Tibor Lovaskollegium i Babolna i Ungarn. Tilbodet har hatt seks-åtte plassar for elevar på Vg2 hest- og hovslagarfaget ved Voss jordbruksskule.

Erasmus+ VET Mobilitet

EU-programmet Erasmus+ gir støtte til mange ulike typar prosjekt, men Hordaland fylkeskommune brukar hovudsakleg mobilitetsprosjekt. Det betyr at fylkeskommunen søker om midlar til å kunne sende yrkesfagelevar, lærlingar og tilsette ved utdannings- og opplæringsinstitusjonar på praksisopphald i Europa.

Det er Senter for internasjonalisering av utdanning (SIU) som forvaltar Erasmus+-midlar i Noreg, og kvart år søker Hordaland fylkeskommune om midlar på vegner av yrkesfagskular og opplæringskontor i fylket. Dei siste åra har HFK vore blant «topp to» av fylka i den norske tildelinga. I prosjektperioden 2014-2016 fekk Hordaland fylkeskommune tildelt € 395.367 og kunne sende 132 elevar/lærlingar på praksisopphald i Europa. I prosjektperioden 2015-2017 fekk fylkeskommunen tildelt € 345.623. Målet er å sende ut om lag 100 elevar og lærlingar, samt 20 lærarar før prosjektperioden er over i 2017. I prosjektperioden 2016-2018 har Hordaland fylkeskommune fått tildelt € 302.987.

Hordaland fylkeskommune har over lengre tid bygd opp gode system og rutinar for å søke om midlar til ulike praksisopphald for elevar, lærlingar og tilsette gjennom Erasmus+. Kvart år søker Hordaland fylkeskommune om midlar på vegner av yrkesfagskular og opplæringskontor i fylket. Årleg er det om lag 15-18 skular og 3-4 opplæringskontor som nyttar seg av dette tilbodet. I tillegg er det nokre skular som søker på eiga hand direkte til SIU.


Gjennomføring i læretida

Hordaland er eitt av dei største og mest tradisjonsrike fagopplæringsfylka i landet og hadde 4387 lærlingar i 2015, der 2072 av desse var nye for året. Overgangen frå Vg2 til lære på yrkesfaglege utdanningsprogram er ein av dei mest kritiske overgangane med tanke på auka gjennomføring i vidaregåande opplæring. Tilgangen til lære plasser påverkar overgangen i stor grad, og varierer frå fylke til fylke.

Fagopplæringskontoret har ei formidlingsteneste der ein koplar søkjarar og bedrifter som ønsker lærlingar. Både bedrifter og lærlingar opplyser om at faget prosjekt til fordjuping er viktig for å få lære plass. På landsbasis er 70 % av lærekontraktane inngått som ei følge av dette faget. Vi har ikkje tal for Hordaland, men det er ikkje noko som tilseier at talet skal vere noko annleis her.

Fagopplæringa baserer seg på trepartssamarbeid. Dette betyr noko for korleis fylkeskommunen styrer sektoren. Det er i denne samanheng viktig å understreke at det er bedriftene sjølve som bestemmer kven dei vil teikne lærekontrakt med. Fagopplæringskontoret hentar kvart år inn oversikt over kor mange lærlingar dei enkelte bedriftene har behov for. Dette talet gir oss ei oversikt, men av erfaring veit vi at situasjonen i dei enkelte bedriftene kan endre seg i løpet av kort tid.


59,1 % av elevane på yrkesfag fullførte og bestod i løpet av fem år



Figur 24: Gjennomføringstal yrkesfag, Hordaland, offentlege skular. Skoleporten.

Figuren over viser gjennomføringstal for elevar i Hordaland som har valt yrkesfag, fem år etter at dei starta opplæringa. Tala for 2010-kullet viser at 59,1 % av elevane hadde fullført og bestått i løpet av fem år. Jamfør 11, side 21, er det om lag 28 % som endar opp med studiekompetanse, og ikkje fag- eller sveinebrev. For 2010-kullet er det også ein auke i del elevar som har slutta. Dette heng også saman med at elevar i HT-grupper no blir ført på det utdanningsprogrammet dei faktisk går på, jf. s. 17.


I kor stor grad oppnår lærlingane fag- eller sveinebrev?



Figur 25: Gjennomføringsgrad lærlingar. 2010-kull. Skoleporten.

Figuren over viser fullføringsprosenten for alle dei som faktisk går ut i lære. Fem år etter oppstart av læretida, har 82,8 % av lærlingane oppnådd fag- eller sveinebrev. Tala er stabile frå førre kull, og utgjør ein auke på 0,2 prosentpoeng. 10,2 % av lærlingane var ute av lære utan å ha fullført, noko som er ein reduksjon på 1,7 prosentpoeng.

Oppnådd fag- eller sveinebrev per utdanningsprogram



Figur 26: Status oppnådd kompetanse per utdanningsprogram etter fem år. 2010-kull. Skoleporten

Figuren over viser at det er stor variasjon mellom utdanningsprogramma når det gjeld kor mange som fullfører med fag- eller sveinebrev fem år etter oppstart av læretida. Vi veit at det er forskjellar mellom utdanningsprogramma når det gjeld både overgang frå Vg2 til lære og gjennomføring av sjølve læretida. I dei fagområda som ligg på rundt 90 % gjennomføring, er det i hovudsak for mange søkarar i høve til det som arbeidslivet etterspør. Dette betyr at konkurransen om lærlingplassane er skarp. Ein kan rekne med at dette påverkar gjennomføringa. I Bygg- og anleggsteknikk veit vi at bransjane slit med rekrutteringa, og det er mange lærelep som ikkje er 2+2-løp, men som gjerne er både tre og fire år. I tillegg får dei fleste elevane tilbod om læreplass uavhengig av resultat frå skulen. Dette er ikkje tilfelle for elevar frå TIP og Elektrofag.

Auka gjennomføring i yrkesfag

Ei av dei største utfordringane i vidaregåande opplæring er å få fleire til å fullføre med fag- eller sveinebrev. Det er to hovudutfordringar knytt til dette. Den eine er bedriftene, dvs. arbeidslivet, sitt behov for kompetent arbeidskraft, medan den andre er ungdomane si mogelegheit til å avslutte ei starta utdanning. Desse to hovudkomponentane spelar ikkje alltid saman. Det ser ein igjen i at det er bransjar og yrke ein ikkje får tilstrekkeleg med kompetent arbeidskraft, medan det på andre område er populære fag der konkurransen om lærlingplassane ofte blir urimeleg skarp. Samtidig er det vanskeleg for både ungdomane og føresette å finne fram i systemet. Både media og tunge aktørar i samfunnsdebatten (SSB, NAV, NHO, KS med fleire) melder om stor trong for fagarbeidarar i nær framtid, og trenden er å motivere fleire unge til å velje yrkesfag. Når det på nasjonalt nivå i 2015 stod igjen om lag 9000 ungdomar utan læreplass (om lag 600 i Hordaland), blir dette vanskeleg å forstå for den enkelte. Dette viser også noko av svakheita i fag- og yrkesopplæringa. Forskjellen mellom dei 180 ulike lærefaga er i mange samanhengar større enn forskjellen mellom studiespesialiserande og yrkesfag. Dette kjem ikkje alltid like godt fram.

Hordaland, som eitt av dei største og mest tradisjonsrike fagopplæringsfylka i landet, har i 2015 merka nedkjølinga i arbeidsmarknaden knytt til yrke som har vore det ein gjerne kallar oljerelaterte. Samtidig ser vi at aktiviteten på andre område av fagopplæringa aukar. Dette gjer at nedgangen i tal nye kontraktar ikkje blir like stor som t.d. Rogaland erfarer. Trenden frå 2015 ser vi held fram inn i 2016 og vi vil truleg også i år merke ein nedgang i talet på lærekontraktar. Ein ser også tydeleg korleis dette blir fanga opp av ungdomane. For skuleåret 2016/17 er det om lag 100 færre elevar som går på Vg2 industriteknologi. Dette området har vore veldig populært, og lærefaga som utgår herifrå har blitt sett på som ein billett til å arbeide offshore. Også i faget Vg2 brønnteknikk ser vi ekstreme utslag, frå 200 søkarar til 45 plassar i 2014/15, til 20 søkarar til 30 plassar inneverande skuleår. I andre fag som er knytt til Helse- og oppvekstfag og Bygg- og anleggsteknikk ser vi ein auke i søkartala. Desse trendane vil ein nok også sjå i 2017.

Hordaland har også fleire kontraktar med såkalla fleksible opplæringsløp. Hordaland har TAF-lærlingar i fleire fag (TIP, BA, EL og HO) og deltek også i forsøk om vekslingsmodellen. Her blir det gitt opplæring innan tømrarfaget, helsefagarbeidarfaget og barne- og ungdomsarbeidarfaget. Frå hausten 2015 blei det også gitt opplæring i frisørfaget.

I tillegg er det også mange i Hordaland som følger opplæringsløp på sida av den ordinære 2+2 modellen, og som då får full opplæring i bedrift. Tal frå 2015 viser at 30 % av kontraktane blei teikna utanfor 2+2 modellen.

Medan TAF-modellen har eksistert i Hordaland sidan 1992, er vekslingsmodellen ein ny modell. Erfaringane frå modellen så langt er positive, det er lite fråfall, og ungdomane består stort sett dei teoretiske faga. 2017 blir eit merkeår for vekslingsmodellen då lærlingar frå første kull skal opp til sveine- og fagprøvar. Det som kanskje er mest krevjande med modellen er å skulle handtere denne parallelt med 2+2 modellen. Dette er krevjande for både skulane og bedriftene.

I Hordaland har vi mange opplæringskontor, totalt 47 kontor. I 2015 fikk vi eit nytt opplæringskontor for tilrettelagt fagopplæring (OKAMB). Opplæringskontoret er eit samarbeid mellom arbeidsmarknadsbedrifter i Hordaland, og skal i hovudsak handtere læreandidatar. 68 % av alle lærekontraktane blir teikna gjennom eit opplæringskontor. Fagopplæringskontoret har dei siste åra lagt til rette for at fleire kontraktar skal gå gjennom opplæringskontor, men det kan sjå ut som denne prosenten er vanskeleg å bevege.

Det er forskjellar mellom bransjane på kor mange kontraktar som går gjennom opplæringskontor. I nokre bransjar er det 100 %, medan det i andre er langt færre. Til dømes er store bedrifter som Frank Mohn og Statoil ikkje tilknytt opplæringskontor. I tillegg ser ein at små bedrifter også til ein viss grad vel å stå aleine. Grunngevinga er ofte av økonomisk karakter.

Vi ser også at opplæringskontor som har vore knytte opp mot oljerelatert verksemd blir ramma kraftig av nedgangen i aktiviteten, og kan måtte komme til å redusere bemanninga ved kontora.

Fagopplæringskontoret har i 2015 gjennomført dialogmøte med dei 30 største opplæringskontora, der kvalitet, gjennomføring og læringsmiljø er nokre av stikkorda for dialogen. I tillegg blir det gjennomført ei årleg samling for alle opplæringskontora. Partane i arbeidslivet er tett på fagopplæringa i Hordaland gjennom Yrkesopplæringsnemnda, som har møte ein gong i månaden. I 2015 blei også KS representert i Yrkesopplæringsnemnda.

Skulen som førebuing til opplæring i arbeidslivet

Lærlingundersøkinga er ei obligatorisk spørjeundersøking som skal gi lærlingane mogelegheit til å formidle meininger om opplæringa og andre høve som er sentrale for læringsutbyttet og læringsmiljøet. I denne samanheng er det valt ut indikatorar som gir eit godt grunnlag for å vurdere korleis opplæring i skule førebur elevane til opplæring i arbeidslivet.

Når vi ser på spørsmåla under, er det lita endring i høve til resultatata frå lærlingundersøkinga i 2014/15. Om lag 81 % av lærlingane i undersøkinga meiner at opplæringa i skulen har vore ei god førebuing til opplæring i arbeidslivet. På spørsmål om undervisning i fellesfaga var tilpassa faget, er det berre om lag 35 % som meiner dette. På spørsmål om faget prosjekt til fordjuping og praksis bidrog til å få læreplass, er om lag 38 % einige i dette. På begge spørsmåla er variasjonen i svarfordelinga stor. Alt i alt ser vi likevel at lærlingane meiner opplæring i skulen var ei god førebuing til opplæring i arbeidslivet.

Også Elevundersøkinga stiller spørsmål om kor vidt fellesfagundervisninga er tilpassa elevane sine fag. Her er svarfordelinga annleis, der om lag 65 % av elevane meiner at undervisninga er godt tilpassa opplæringa. Om lag 5,8 % av elevane er heilt ueinige. Ein kan ikkje lese direkte ut av tilgjengelege data kva som er årsaka til ein slik forskjell, men det er klart at det er betydeleg færre lærlingar som svarar på undersøkinga enn elevar. Det gjer at variasjonane kan bli større. Det same gjeld spørsmål om prosjekt til fordjuping, der elevane blir spurt om dei *trur* faget kan gjere det lettare å få læreplass. Nærare 80 % av elevane meiner det, og berre 2,5 % er ueinig.

	Heilt einig	Nokså einig	Verken einig eller ueinig	Nokså ueinig	Heilt ueinig
Undervisning i fellesfaga var tilpassa faget mitt	7,20 %	27,84 %	35,23 %	19,22 %	10,51 %
Undervisning i yrkesfaga ga eit godt grunnlag for det eg skulle lære i lærebedrifta	18,77 %	40,28 %	23,49 %	12,26 %	5,19 %
Utstyret vi brukte på skulen var oppdatert og i god stand	13,56 %	34,37 %	28,63 %	16,85 %	6,59 %
Lærarane hadde god innsikt i det eg skulle møte i læretida	22,90 %	37,70 %	25,54 %	8,77 %	5,09 %
Praksisen på skulen var relevant for opplæring i arbeidslivet	26,53 %	38,62 %	22,19 %	8,69 %	3,97 %
Prosjekt til fordjuping /praksis gjorde at eg fekk lære plass	21,85 %	16,32 %	32,54 %	6,97 %	22,33 %

Tabell 16: Lærlingundersøkinga 2015. Skulen som førebuing til arbeidslivet. PULS.

	Svært godt fornøgd	Nokså fornøgd	Verken nøgd eller misnøgd	Nokså misnøgd	Svært misnøgd
Kor fornøgd er du med opplæringa i skulen som førebuing til opplæring i arbeidslivet?	40,4%	40,98%	12,64%	4,24%	1,75%

Tabell 17: Lærlingundersøkinga 2015. Skulen som førebuing til arbeidslivet. PULS.

Samfunnskontrakten

Samfunnskontrakten er eit samarbeidsprosjekt mellom myndighetene og partane i arbeidslivet, der det overordna målet er å forankre fagopplæringa i alle relevante bransjar og sektorar, og å skaffe flest mogeleg lære plassar til elevar som ønsker det. Kunnskapsdepartementet og arbeidsgivar- og arbeidstakarorganisasjonane skreiv under kontrakten våren 2012 og sette opp tre mål:

- Talet på godkjente lærekontraktar skal auke med 20 % i 2015 i høve til nivået ved utgangen av 2011.
- Auke talet på vaksne som tek fag- eller sveinebrev
- Auke prosentdel lærlingar som fullfører og består med fag- eller sveinebrev.

Ei nasjonal evaluering av prosjektet, *Indikatorrapport 2016 - Oppfølging av Samfunnskontrakt for flere lære plasser*²⁰, slår fast et ein ikkje har nådd målet med auka lærekontraktar. Der talet på godkjente lærekontraktar skulle auke med 20 % i perioden 2011-2015, har det berre blitt ein auke med 8 % nasjonalt sett. Talet for Hordaland er 1 % auke sidan 2011.


Når det gjeld auke i talet på vaksne som tek fag- eller sveinebrev, kan ein seie at HFK har nådd målet. Nasjonalt har talet auka med 21 % sidan 2011, medan Hordaland har hatt ein auke på heile 33 %. Hordaland er også det fylket der flest vaksne oppnår fag- eller sveinebrev, heile 1262 vaksne siste året, totalt 10639 nasjonalt. Dei aller fleste vaksne i denne gruppa er praksiskandidatar.

Når det gjeld målet om å auke prosentdel lærlingar som fullfører og består med fag- eller sveinebrev, er det eit meir komplisert mål statistisk sett. Udir påpeikar at indikatoren tek utgangspunkt i kulla med nye lærlingar (og fagopplæring i skule) og undersøker status for desse to, tre, fire og fem år etter ar dei har fått status som lærling. Når ein ser på figur (nedste figur førre side), kan ein sjå kor mange år lærlingane brukar for å oppnå fagbrev. Ved måling etter to år, hadde 49,4 % av 2010-kullet oppnådd fagbrev, til samanlikning var tilsvarande

²⁰ <http://www.udir.no/globalassets/filer/tall-og-forskning/statistikk/samfunnskontrakten-for-flere-lare-plasser/samfunnskontrakten---indikatorrapport-for-2016.pdf>

tal 48,1 % for 2008-kullet. Dersom vi ser fem år etter starta læretid, hadde 82,2 % av 2010-kullet oppnådd fagbrev, mot 79,6 % for 2008-kullet.

Endring i tal nye lærekontraktar 2011-2015, fordelt på fylke. Prosent



Figur 27: Endring i tal nye lærekontraktar 2011-2015, fordelt på fylke.

Indikatorrapporten viser at Hordaland og Rogaland har hatt dårlege resultat i høve til målsettinga om ein auke på 20 %. Indikatorrapporten viser også at det er Hordaland og Rogaland som har høgast lærebedrift-tettheit, noko som kan vere ein av grunnane til det har vore låg utvikling i desse fylka. Hordaland og Rogaland har ein stor del av lærekontraktane knytt til maritim sektor, samt olje- og gassnæringa. I åra 2011-2015 har det vore store utfordringar innan desse bransjane i Hordaland, noko ein ser i nedgangen på lærekontraktar innan utdanningsprogrammet TIP i perioden. I følge indikatorrapporten har Hordaland den største nedgangen innan dette utdanningsprogrammet, med 40 kontraktar. Som nemnt tidlegare ser ein også hittel i år ein endå sterkare indikasjon på utfordringar innan TIP og Elektrofag, og at det kan vere ein markant nedgang i læreplassar i desse faga i 2016. I 2014 såg det ut til at Hordaland skulle få ein auke på 8 %²¹ i forhold til 2011-nivået på lærekontraktar. Dette gapet er i ferd med å bli lukka og det er ei kjensgjerning at ein vil ha utfordringar knytt til prosentdel søkarar som får lærekontrakt. Derfor er det særskilt viktig at ein legg ned arbeid i tiltak som kan vere med på å auke opplæringskapasiteten og gjennomføringa i fylka.

I mars 2016 blei det underteikna partane ein ny samfunnskontrakt for fleire læreplassar. Denne er ikkje målfesta i prosent auke slik som den førre kontrakten, men den har eit mål om at alle kvalifiserte søkarar skal få tilbod om læreplass. Innsatsområda er avgrensa til å opprette lokale nettverk for å skaffe fleire læreplassar, samt at det er eit mål å rekruttere fleire lærebedrifter for å skaffe fleire læreplassar. Hordaland fylkeskommune er alt komen i gang med fleire tiltak for gjennomføring knytt til desse innsatsområda.

Avlagde fagprøvar

I 2015 blei det avlagd 3091 fag-, sveine- og kompetanseprøvar i Hordaland²². Dei fem siste åra har talet på gjennomførte fag-/sveineprøvar vore relativt stabilt, med unntak av ein liten nedgang i 2012.

Fagopplæringskontoret merkar stor interesse frå vaksne som ønsker å ta fag- eller sveinebrev etter fleire år i yrket sitt. I 2014/15 har det vore nedgangstider i fleire bransjar, og det er i slike tider verdien av å ha eit fagbrev blir tydeleg. Dette kan vi rekne med er ei viktig årsak til at vi har ein slik tydeleg oppgang i talet på praksiskandidatar, noko som er eit signal om at det å ha eit fagbrev er viktig for å kunne ha gode mogelegheiter på arbeidsmarknaden.

²¹ Tal frå Qlikview VIGO IKS

²² På grunn av overgang til nytt rapporteringsverktøy vil tala frå førige rapport avvike noko. For at tala frå 2015 skal kunne samanliknast med føregående år er data frå alle år oppdaterte med tal frå det nye verktøyet Qlikview.

Status	2011	2012	2013	2014	2015
Avlagde prøvar	2895	2449	2805	3101	3091
Praksiskandidatar	34,3%	28,2%	31,9%	34,8%	35,6%
Stryk lærlingar	9%	9,9%	11,3%	10,1%	9,1%
Stryk elevar ²³	33,3%	39,7%	28,8%	28,8%	21,7%
Stryk praksiskandidatar	7,9%	4,9%	8,1%	7,7%	8,6%

Tabell 18: Utvikling avlagde prøvar 2011-2015. Qlikview.

Fagopplæringskontoret har også hatt særleg oppfølging av Vg3 sluttopplæring og fylkeskommunen har oppretta fleire 2-års løp for elevar som ikkje har fått læreplass. Det er klart at desse tiltaka har vore med å bidra til å få ned strykprosenten for dei som går opp som elevar til fag- eller sveineprøve.

Tiltak for å auke gjennomføring i yrkesfag

Det er ikkje noko nytt at det er vanskeleg å balansere arbeidslivet sitt behov for arbeidskraft og ungdomane sine ønske om læreplassar. Kvart år står det for mange ungdomar igjen som ikkje får tilbod om læreplass. Problemstillinga er ikkje eksklusiv for Hordaland.

Vi veit mykje om kvifor dette skjer kvart år. Eigenskapar som kva kompetanse og opplæring ungdomen har med seg, om han har fått vise seg fram gjennom faget prosjekt til fordjuping og kor han bur betyr noko. Samtidig er omfang av læreplassar og forhold mellom læreplassar og tal elevar i respektive utdanningsprogram eit viktig element.

Desse forholda arbeider fagopplæringskontoret med heile tida, både på kort sikt og lengre sikt. Av kortsiktige tiltak blir det etablert alternativ sluttopplæring for ei stor gruppe som ikkje får seg læreplass. I 2015 var det slike løp innan bilfaga, elektrikar, dei maritime faga, havbotninstallasjonar, industrimekanikar, CNC-operatør, plate og sveis og IKT-servicefag. Totalt gikk om lag 100 elevar på desse løpa. Nokre av desse løpa er utvida til 18 månadar opplæringstid. Det er framleis høgare strykprosent på desse kandidatane, men vi har sett ei positiv utvikling på dette dei siste åra, noko som kan skuldast at elevane får lengre opplæringstid.

Læreplasskurs er også eit kortsiktig tiltak som er blitt gjennomført dei siste åra. Om lag 50 % av deltakarane på kurset teiknar lærekontrakt. I tal betyr det 8-10 stk. Dette er ressurskrevjande tiltak, men mange av kandidatane ville aldri fått seg læreplass utan dette tiltaket.

Av tiltak som peikar lenger fram er det tre hovudtiltak som alle skal vere bidrag til å gjere fag- og yrkesopplæringa meir heilskapleg og ikkje så mykje styrt av tilfeldigheter.

- I arbeidet med Regional plan for kompetanse og arbeidskraft, er eitt av deltemaa dimensjonering av utdanningar. Særleg blir det lagt vekt på å identifisere arbeidslivet sitt behov for arbeidskraft på lengre sikt og å legge til rette for regionale nettverk knytt til lokale variasjonar av behov for arbeidskraft. Dette følger også av den nye samfunnskontrakten for fleire læreplassar, med fokus på lokale samarbeidsnettverk. Hordaland vil i løpet av 2016 ta i bruk eit nytt verktøy for dette, www.utdanning.no. Her er Hordaland ein av aktørane som skal vidareutvikle verktøyet.
- Utpøving av yrkesfaglege koordinatorar ved fem vidaregåande skular i Hordaland. Mange fylkeskommunar har innført dette og melder tilbake om at utbytet av desse stillingane er høg. Prosjektet varar ut 2018.
- I 2015 varsla fylkesdirektør opplæring at fag- og yrkesopplæringa i HFK skulle sjåast opp mot organisering, ressursbruk og ansvar. Hausten 2016 er det inngått kontrakt med BI Oslo om ein slik gjennomgang. I avtalen ligg også ei bestilling av forslag til nye modellar å organisere fag- og yrkesopplæringa på.

Hordaland har lange og stolte tradisjonar innan fagopplæring. Det er framleis om lag 50 % av ungdomane våre som vel yrkesutdanning. Desse tiltaka skal støtte opp om dette, slik at vi i åra som kjem framleis har ei god og berekraftig fagutdanning på Vestlandet.

²³ Inkluderer elevar i Vg3 sluttopplæring

Fylkeskommunen sitt ansvar for ungdom utanfor vidaregåande opplæring

Oppfølgingstenesta (OT) er ei fylkeskommunal teneste for ungdom som har rett til vidaregåande opplæring, men som ikkje er i vidaregåande opplæring eller arbeid. Tenesta gjeld for ungdom mellom 16 og 21 år. OT skal ha oversikt over alle ungdomane i målgruppa, tilby dei rettleiing og syte for at dei får tilbod om opplæring, arbeid eller andre kompetansefremjande aktivitetar. Å få ungdomane i aktivitet er med andre ord ei viktig måloppnåing for OT.

OT bidreg aktivt i arbeidet for å auke gjennomføringa i vidaregåande opplæring, der samarbeidet med skulane er viktig. OT formidlar til skulane at dei ønsker at avklaringsamtalane blir gjennomført tidlegare enn dagens praksis, slik at dei kan vere med å finne løysingar for å få eleven til å fortsette opplæringa heilt eller delvis. Skuleåret 2015/16 blei det gjennomført 503 avklaringsamtalar og skrive 394 oppfølgingsplanar. Ikkje alle som sluttar på skulen møter til avklaringsamtalar, og ein elev kan ha fleire samtalar. Dette talet er derfor ikkje direkte samanliknbart med tal på skulesluttarar.

Ved skular med mange sluttarar er OT fast med i ressursteam og OT ønsker å bruke meir tid i skulane for å arbeide fråfallsførebyggjande saman med skulen og PPT. Frå inneverande skuleår gir OT derfor tilbod om at OT kan vere heile dagar på skulen i forbindelse med ressursteammøta.

Ungdomar tilmeldt til OT

Av alle ungdomane som er meldt til oppfølgingstenesta er 41 % kome i aktivitet og 23 % er under oppfølging og rettleiing. 11 % er ukjende, som vil seie at OT ikkje har etablert kontakt med ungdomane og ikkje veit kva dei gjer. 25 % er avklart av OT, og er på rapporteringstidspunktet i ein situasjon der opplæring og arbeid ikkje er aktuelt.


Pr. 15.02.15 var det 14 % ukjende, som var ein nedgang på 7 prosentpoeng frå 2014. Pr.15.06.16 var det 11 % ukjende og det er ein auke på 2 prosentpoeng frå juni 2015. OT vil ha stort fokus på å kome i kontakt med dei ukjende i komande skuleår og innfører fleire aktivitetar som skal sikre kontinuitet og oversikt i arbeidet.

Ungdomar som er avklart er ei samansett gruppe. Det kan til dømes vere ungdomar som er i militæret, folkehøgskule eller har omsorg for små barn og for ein avgrensa periode er i ein situasjon der opplæring eller jobb ikkje er aktuelt.

Ei stor gruppe ungdomar er også sjuke eller i institusjon. For denne gruppa er det høve som hindrar dei i å nytte seg av opplærings- eller jobbtillbod. Det kan t.d. vere fysisk eller psykisk sjukdom eller rus.

Fleire ungdomar i aktivitet

Å bruke ulike tiltak er viktig for å få flest mogeleg ungdomar ut i aktivitet. Her har OT eit strukturert samarbeid med NAV for å få ungdom ut i arbeidstrening/arbeidspraksis. Det er ei styrke at fylket også har eigne tiltak å tilby ungdom. Det har vore ein auke i tal ungdomar som kjem i aktivitet gjennom fylkeskommunale tiltak. I juni 2016 var 74 ungdomar i HFK tiltak, 390 ungdomar i NAV tiltak og 27 ungdomar i kombinasjonstiltak. Ikkje alle passer inn i tiltaka OT kan tilby og i nokre tilfelle vil ulike kortare kompetansegivande kurs vere det ungdomane treng for å kome ut i arbeid eller tilbake til opplæring. I skuleåret 2015/16 fekk 30 ungdomar innvilga midlar til kurs. Døme på slike kurs er truckførarkurs, førarkort for traktor og lastebil, motorsagkurs, ulike anleggsmaskinar og vektarkurs.



Figur 28: Status for dei fire hovudgruppene i OT, per juni 2016. Udir.

For å forhindre at ungdom gjer feilval har OT i 2016 hatt fokus på karriererettleiing. OT har tatt i bruk *jobpics* som er eit biletebasert interesseverktøy. Det er viktig at ungdom får hjelp til å ta riktige val basert på kunnskap om kva ein sjølv kan og vil.

Våren 2016 har OT brukt mykje tid på legge til rette for nærværsteam ved Garnes vgs og Austrheim vgs, som er ein del av eit forskingsprosjekt knytt til spor 2 i *Program for bedre gjennomføring*²⁴. Dette gjelder også Årstad vgs, som frå dette skuleåret samlar elevtenesta og vil arbeide i tverrfagleg team, der OT er ein del av desse teama.


NAV i skule

Hordaland fylkeskommune deltar frå 2015 i eit nasjonalt forsøk med NAV-rettleiingar i vidaregåande skule. På Årstad vgs er det to NAV-rettleiingar på skulen fire dagar i veka. Her arbeider dei som ein del av elevtenesta. Målet med forsøket er å utvikle tilrettelagte og integrerte tenester og tiltak frå NAV for elevar med sosiale behov. Dette er ofte behov som heng saman med problem utover skuletida, som til dømes busituasjon og økonomi. NAV-rettleiingar sine tenester i skulen er heimla i lov om sosiale tenester og følgjande paragrafar, jf. §§ 17 til 19.

#Gameplan

#Gameplan er eit internt gruppetiltak kor fire OT-rådgivarar drifrar tiltaket. Gruppetiltaket konkurrerer ikkje med andre arbeidsretta tiltak eller ordinær utdanning. Gruppetiltaket er eit supplement for å kartlegge OT-ungdomar som «flyt» litt rundt i systemet. #Gameplan er eit lågterskeltilbod, som betyr at alle uavhengig av diagnose, psykisk helse m.m., som blir søkt inn og er motivert får tilbod om plass.

Totalt for skuleåret 2015/16 har det vore 39 OT-ungdomar innom gruppetiltaket #gameplan. Det blei gjennomført to grupper hausten 2015 og fire grupper våren 2016.



Figur 29: aktivitet etter #gameplan

I #gameplan får den enkelte ungdommen gjennom gruppeprosessar bli betre kjend med seg sjølv, oppleve meistring, øve på sosiale ferdigheiter, meir kunnskap om mogelegheiter og hjelp til å utarbeide eigne mål og ein vidare plan.

Hyssingen produksjonsskole

Hyssingen produksjonsskule er eit tilbod for ungdommar mellom 16 og 21 år som har slutta, ikkje har begynt vidaregåande opplæring, eller som ikkje har anna tilbod, og som treng ein veg inn att til framtidsbyggande aktivitet. Deltakarane skal få utvikle kompetanse gjennom praktisk arbeid direkte inn i ein verkstadbasert produksjon som leverer varer og tenester til samfunnet. Føremålet er å gi ungdomane lyst, mogelegheit og kompetanse til å gjennomføre vidaregåande opplæring eller klare seg på arbeidsmarknaden. Skuletilbodet er knytt til ulike utdanningsprogram, og skal styrke ungdomane si personlege utvikling, sosiale kompetanse og vidare utdanningsløp.

Det er eit eige kontinuerlig inntak via OT med eigne inntaksmøter kvar 14. dag. OT-tiltaket #gameplan blir nytta som avklaring for enkelte ungdommar som søkast inn.

²⁴ Sjå meir s. 49 om forskingsprosjektet.

Per første kvartal i 2015 var det 33 ungdomar på Hyssingen, 80 % av desse var gutar. Tal frå 1. kvartal i 2016 viser at 11 ungdomar har gjennomført ein overgang til eit anna opplærings- eller studietilbod, fått læreplass, eller søkt ordinær vidaregåande skule. Hyssingen har eit nært samarbeid med NAV ungdomsmottak som mellom anna kan bidra med jobbsøkingskurs og knyte kontakt til bedrifter som kan gi arbeidspraksis.

Basert på innrapportert statistikk frå Hyssingen, er den totale oppmøtedelen av dei tilmeldte på 87,7 %, inkludert sjukdom og gyldig fråvær. Tar ein bort desse, får ein faktisk oppmøte på 73 %.

For enkelte elevar er det knytt særskilte fråværs- og fråfallsproblem. I 2015 var det eit totalt snittfråvær på 27 %, og 8 elevar slutta i løpet av den første veka grunna motivasjon eller som følge av for dårlig psykisk helse eller rusproblem. Fire ungdomar er blitt skrive ut grunna for dårlig oppmøte over tid og brote avtaler den enkelte har hatt med skulen.

Hyssingen er avhengig av gode samarbeidspartnarar som kan gi ungdomane ei mogelegheit til å kome i aktivitet. Det er oppretta avtalar med ulike bedrifter som tar i mot ungdomane i praksisplass. I perioden første kvartal 2015 til første kvartal 2016, har sju ungdomar vore i praksis, der ein har fått kontrakt som lærekandidat. Det er også avtalar med NAV for tilskot til jobbspesialist, samt samarbeid med Beredt og A2G.

Ungdomar som blir skrive ut av Hyssingen blir tilbakeført til OT.

Tiltak for å auke gjennomføringa

Program for bedre gjennomføring - Spor 2 er ein målretta forskingsinnsats. Forskingsmiljø og fylkeskommunar har, mellom anna på bakgrunn av Kunnskapssenter for utdanning sin systematiske kunnskapsoversikt over fråfall i vidaregåande opplæring, søkt om midlar til å finansiere ulike forskingsprosjekt som det er grunn til å rekne med vil auke gjennomføringa.

Forskningsprosjektet blir finansiert ved at all den økonomiske støtta Kunnskapsdepartementet før har fordelt på fylka blei overført til dette prosjektet frå og med 31.12.2015. Det betyr altså at HFK ikkje lenger mottar støtte til alle andre tiltak som er sett i verk, og at HFK heretter må finansiere t.d. studieverkstadar med lokale midlar.

Kunnskapsdepartementet har gitt økonomisk støtte til totalt fire samarbeidsprosjekt mellom forskingsmiljø og fylkeskommunar.

Universitetet i Bergen, i samarbeid med Hordaland-, Nordland-Sogn og Fjordane- og Troms fylkeskommune har fått støtte til å prøve ut to modellar retta mot å forbetre det psykososiale læringsmiljøet for å sjå om det kan gi elevane betre psykisk helse, betre skuleprestasjonar og redusere fråfallet. Forskningsprosjektet har fått namnet *Gode psykososiale læringsmiljø bedrer gjennomføring i den vidaregåande skolen*. Prosjektet er todelt og består av *Drømmeskolen* og *Nærværsteam*.

Målet med forskningsprosjektet er å prøve ut og evaluere både implementeringsprosessen og effekt av forskingsbaserte tiltak som betrar det psykososiale læringsmiljøet, og som bidreg til reduksjon av fråfall i vidaregåande opplæring. For fylkesdirektør opplæring er det viktig å vere med å finne tiltak som hindrar fråfall og lære meir om implementeringsprosessar. Dersom forskingsdataa gir positive resultat vil det på sikt vere mogeleg å sette tiltaka ut i livet i alle dei vidaregåande skulane i Hordaland.

Drømmeskolen er et universelt helsefremjande program, med eit spesielt fokus på å sikre ein god overgang frå ungdomsskule til vidaregåande skule. Programmet er utvikla av den frivillige organisasjonen *Voksne for barn* og retta mot å betre det psykososiale læringsmiljøet samt å styrke elevane si medverking. Programmet er ein del av Helsedirektoratet si satsing på «psykisk helse i skolen» og er utvikla med basis i teori, forskning og erfaring som har betydning for sosial integrasjon og læring generelt og i skolen som organisasjon.

Det andre tiltaket, *Nærværsteam*, er retta spesielt mot psykososial oppfølging av målgruppa for programmet. Teamet skal jobbe førebyggjande gjennom tidleg innsats og oppfølging av elevar som slit og der målet er å få eleven tilbake på skulen og gi ei oppleving av å bli ivaretatt, sett og ikkje gitt opp.

Nærværsteam er utvikla på bakgrunn av følgeforskning av eit førebyggjande team oppretta ved elevtenesta på Bodin vidaregåande skole i Bodø.

Våren 2016 gikk med til informasjonsrundar og opplæring av leiinga, lærarar og elevar i arbeidet med *Drømmeskolen* i tillegg til at Bodin vidaregåande skole lærte opp dei to første skulane i *Nærværsteam*.

Måla for *Drømmeskolen* er å:

- etablere rammer og verktøy for arbeidet med det psykososiale læringsmiljøet i skulen
- auke kompetansen hos tilsette om korleis ein kan jobbe for et godt psykososialt miljø
- styrke relasjonane mellom elevane og mellom elevar og tilsette
- styrke elevane si tilhøyring, deltaking, mestring og motivasjon
- auke elevane sin motivasjon for å fullføre og bestå
- bruke elevane som ressurs i eit systematisk arbeid for å fremme eit godt psykososialt læringsmiljø.

Arbeidsoppgåvene er å:

- skape gode overgangar til vidaregåande skule
- få ned frávær
- auke motivasjonen for å fullføre og for å prestere fagleg
- gi tidleg og god helseoppfølging
- førebygge fråfall mellom de ulike åra i utdanningsløpet
- følge opp arbeidet på systemnivå, både internt og eksternt.

Deltakarskular frå Hordaland

Drømmeskolen og *Nærværsteam*

- Austrheim vgs
- Garnes vgs

Drømmeskolen

- Fusa vgs
- Stord vgs

Kontrollskular

- Norheimsund vgs
- Øystese vgs

Læringsmiljø

Å rapportere årleg om arbeidet med å betre læringsmiljøet for elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring gir høve til refleksjonar over utvikling på feltet over tid. Eit tydeleg utviklingstrekk er at fokuset på læringsmiljø er stadig skarpere, satsing på læringsmiljøet er prioritert både i skulane, hos skuleeigar og nasjonalt. Innsatsen som har blitt lagt ned dei siste åra har ført til større medvit om og aksept for betydninga av læringsmiljøarbeid. Derfor har det også ført til større interesse for deltaking i gode prosjekt og tiltak.

Vantrivsel og utanforskap fører ungdom ut av skulen. Når vi lukkast, er det når vi bryr oss om meir enn auka læringsutbytte og fullføring, og handlar på bakgrunn av verdigrunnlaget vårt. Styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet i dei vidaregåande skulane 2016-2018 uttrykkjer det mellom anna slik:

Skulen må i det daglege arbeidet leggje til rette for at alle elevar kan utvikle tru på egne ferdigheiter, oppleve fagleg meistring og ha eit godt forhold til andre elevar og lærarar på skulen. Eit godt skulemiljø bidreg til auka læringsutbytte i tillegg til personleg utvikling og trivsel hos elevane.

Eit trygt og godt skulemiljø er hovudkomponenten i elevane sitt læringsmiljø. Etter Djupedal-utvalet si melding «Å høre til» (2014), bestemte regjeringa å fornye kapittel 9a i opplæringslova som omhandlar elevane sitt vern av skulemiljøet. Omgrepet *læringsmiljø* er tettare knytt til sjølve læringa og elevane si forventning til læring (Thomas Nordahl)²⁵. Nordahl konkluderer med at ein godt kan kalle det elevane sitt arbeidsmiljø. Det ser ut til at bruken og forståinga av dei ulike omgrepa er i endring, og i denne framstillinga vil både skule- og læringsmiljø bli brukt.

Systematikk og samarbeid

Det er naudsynt med stor grad av systematikk kombinert med kunnskap om lokale forhold i arbeidet med å styrke læringsmiljøet til elevane.

Det systematiske arbeidet har godt samarbeid som føresetnad. Samarbeid i skulen, mellom lærarar, leiarar og elevar, men også med andre som er rundt eleven og som har betydning for læringsmiljøet. Fleire yrkesgrupper inn i skulen, som til dømes miljøarbeidarar og psykologar, kan auke forståing og kompetanse hos alle i skulen. Målet med det førebyggjande arbeidet i skulen er å motverke utanforskap som kan føre til at elevar søker tilhøyrsløse i miljø som er destruktive heller enn gode. I det førebyggjande arbeidet samarbeider skuleeigar med kommunalt nivå: skulehelseteneste, rusførebygging, førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme. Andre viktige samarbeidspartar er politiet, samt kompetansmiljø som Bergensklinikkene, RVTS Vest, Rafto undervisning, med fleire.

Retningslinjer for arbeidet med skulemiljø er inkludert i HFK sitt kvalitetssystem. Retningslinjene peikar på skulen si plikt til jamleg å kartlegge forholda på skulen, og å involvere tilsette, elevar, foreldre og føresette i arbeidet. Dei skal også involverast i arbeidet med å utarbeide gode og naudsynte tiltak. Alle tilsette i skulen har plikt til å handle dersom dei får kjennskap til brot på elevane sin tryggleik. Slik er førebygging og handling ein del av systemet og retningslinjene, og vil fungere etter hensikta berre når den enkelte skule har god og oppdatert kjennskap til eige skulemiljø.

Skuleeigar har ansvar for å sjå til at skulane følger retningslinjene. Oppfølginga skjer gjennom system for verksemdbasert vurdering, og i tillegg gjennom risikobaserte tilsyn. Fylkesdirektør opplæring har utarbeidd retningslinjer for at skuleeigar etter nærmare vurdering kan setje i verk tilsyn på opplæringslova kap. 9a og 11. Tilsynet skal sikre at skulane følger opp ansvar for kvalitetssikring i tråd med rutinar og retningslinjer knytt til oppfølging av krav i kap. 9a, slik dei kjem fram i HFK sin kvalitetsportal.

²⁵ http://www.udir.no/upload/Laringsmiljo/Materiell/Bedre_laringsmiljo_materiell.pdf

Mobbeombodet i Hordaland


Mobbeombodet i Hordaland blei tilsett i ei toårig prosjektordning i august 2015.

Mobbeombodet har styrka Hordaland fylkeskommune sitt arbeid for elevane sitt skulemiljø. I tillegg til å rettleie i konkrete saker, har mobbeombodet gradvis etablert eit godt nettverk for eit systematisk samarbeid. Halvvegs i prosjektperioden er mange av måla nådd, og nye mål og tiltak er planlagt. Arbeidet kan delast inn i fleire kategoriar:

- **Informasjonsarbeid** for elevar og elevråd, Ungdommens fylkesutval og fylkesting, og interne og eksterne samarbeidsfora.
- **Kompetanseheving** for skular, skulehelseteneste, elevinspektørar, OT/PPT, opplæringskontor og lærebedrifter.
- **Systemarbeid** gjennom deltaking i ulike arbeidsgrupper, både interne og eksterne.
- **Nettverkssamarbeid** med mobbeombod i andre fylke og Læringsmiljøsentret i Stavanger.

Etter vedtak i fylkestinget desember 2015, blei elev- og lærlingombod tilsett i september 2016, men har endå ikkje tiltredd. Denne tilsetjinga styrkar ombodsfunksjonen og elevar og lærlingar sitt rettsvern.

Elevane sitt arbeidsmiljø



Figur 30: Elevane sitt arbeidsmiljø. Elevundersøkinga 2014 og 2015.

Elevundersøkinga er den viktigaste kjelda til kunnskap om elevane sitt syn på læringsmiljøet. Her kan ein samanlikne svara med tidlegare år, med andre fylke, og med det nasjonale nivået.

Resultata i figuren over viser til indeksen *Arbeidsmiljø* i Elevundersøkinga, og svaralternativa er grupperte i ein skala frå 1 til 5, der 5 i alle tilfelle er det mest positive resultatet.

Det er ikkje store forskjellar i rapportering mellom dei to åra, men det er meir informasjon å hente når ein går inn på det enkelte spørsmål knytt til kvar indikator.

Til dømes viser indikatoren *Trivsel* at dei fleste elevane trivst godt. Frå 2014 til 2015 er det derimot større avvik mellom kategoriane «dei som trivst særst godt» og «dei som ikkje trivst i det heile tatt». Det kan indikere at det er større ulikskap mellom elevane. Ei slik mogeleg utvikling skal ein vere obs på, og resultata frå Elevundersøkinga blir følgt opp i dialog med den enkelte skule.

Mange av elevane opplever at det er eit trygt miljø på skulen og at dei har nokon å snakke med om det er noko som plagar dei, men det er også ei gruppe elevar som ikkje opplever miljøet slik. Her vil relasjonell klasseleiing vere avgjerande for at elevane skal oppleve at det er greit å gjere feil, at ein ikkje blir gjort narr av og at dei vaksne reagerer når nokon seier eller gjer noko ubehagelig eller ekkelt mot ein elev.

Mobbing og krenkingar

Det totale talet elevar i vidaregåande skular som fortel at dei blir utsette for mobbing og krenkingar har gått noko ned frå 2014 til 2015. Frå 2,66 % (273 elevar) hausten 2014 til 2,08 % hausten 2015 (226 elevar). I 2013 la Utdanningsdirektoratet om undersøkinga til å omhandle både spørsmål om mobbing og krenkingar.

Spørsmåla om krenkingar kan ha påverka elevane si forståing av spørsmålet om mobbing. NTNU Samfunnsforskning²⁶ har forska på om nedgangen i mobbing skuldast metodiske effektar. Konklusjonen er ikkje tydeleg, men det ser ut som om nedgangen kan skuldast at dei nye spørsmåla om krenkingar er plassert rett før spørsmålet om mobbing, samt at undersøkinga blei flytta frå våren til hausten. Utdanningsdirektoratet endrar derfor Elevundersøkinga som følge av desse funna frå hausten 2016.

Har du blitt mobba på skulen dei siste månadane?	Ikkje i det heile tatt	Ein sjeldan gong	2 eller 3 gonger i månaden	Om lag 1 gong i veka	Fleire gonger i veka
2015	91,85%	6,07%	0,76%	0,42%	0,90%
2014	91,64%	5,71%	1,12%	0,45%	1,09%

Tabell 19: Elevundersøkinga 2015. PULS.

Dei negative handlingane og krenkingane mellom elevane som er mest vanleg er utestenging og verbale handlingar. Det å bli gjort narr av slik at ein blir lei seg er døme på det mest vanlege, deretter følger utestenging og spreiking av løgn. Fysiske handlingar som slag, spark og å bli halde fast er mindre vanlege. Elevar som blir utsatt for slike handlingar rapporterer å vere mobba oftare enn elevar som opplever andre negative handlingar (Wendelborg 2016).

Elevane opplyser at det er fleire vaksne enn elevar som krenker dei. Dette er noko mobbeombodet legg stor vekt på i sitt arbeid opp mot skulane. Opplæringsavdelinga må jobbe vidare med dette i sitt arbeid framover.

Gutar er meir utsette enn jenter i vidaregåande opplæring. Hausten 2015 var det nær dobbelt så mange gutar som jenter som fortel at dei blir mobba (2,7 % eller 151 gutar, mot 1,4 % eller 75 jenter). Nyare forskning²⁷ viser også at gutar i større grad er utsette for relasjonell mobbing enn det mange ser ut til å tru. Det er ei rådande oppfatning at gutar «ordnar opp der og då», medan dette faktisk ikkje stemmer. Dette er ein blind flekk i skulane sitt arbeid mot mobbing og er eit av mobbeombodet sine fokusområde.

Tala frå Hordaland viser jamt over same tendens som i resten av landet. Elevar på yrkesfag er særleg utsatt for mobbing. Hausten 2015 seier 3,27 % av elevane på yrkesfag at dei blir mobba (160 elevar) og 1,11 % av elevane på studieførebuande (66 elevar). Fylkeskommunen bør særleg konsentrere seg om dei yrkesfaglege skulane i arbeidet framover.

I fleirtalet av sakene mobbeombodet fekk i 2015/16 er digitale krenkingar ein del av mobbinga. I Elevundersøkinga frå Hordaland ser det ut til at tal elevar som opplyser at krenkingane skjer på nett eller mobil er aukande. Det stemmer med tal frå Medietilsynet si [Barn- og medierundersøking 2016](#). Medietilsynet opplyser at talet på barn og unge (9-16 år) som opplever å bli krenka på nett er stabilt, men at ein ser tendensar til ein auke. Negative opplevingar på internett eller mobiltelefon handlar om spreiking av løgn, trugslar eller negative kommentarar om utsjåande. I tillegg er det ein del som opplever utestenging.

Lærlingar er meir utsette enn elevar når dei er i lære. Tal frå lærlingundersøkinga viser at det er 3,7 % av lærlingane i Hordaland som opplever mobbing to-tre gonger i månaden eller oftare. Det er likevel betydeleg færre lærlingar som svarar på lærlingundersøkinga enn elevar som svarar på Elevundersøkinga, og det kan gi utslag i høgare prosent for lærlingane.

Lærlingane rapporterer gjennom undersøkinga at dei stort sett trivst med kollegaene og arbeidsoppgåvene, dei blir godt behandla og får hjelp og støtte i arbeidet.

Seksjonsleiar fagopplæring har kvart år dialogmøte med opplæringskontor og lærebedrifter, der aktuelle tema frå undersøkinga er tema. Det blir sett på både bevarings- og utviklingsområde.

Skulestartkonferansen 2015 blei gjennomført 22. og 23. september, og henta overskrift frå Djupedal-utvalet sin NOU: 2015:2: *Å høre til*. Hovudforedraga var ved to medlemmar frå Djupedal-utvalet. Kunnskap om mobbing generelt og digital mobbing spesielt, blei grundig presentert med forskingsperspektiv og frå praksisfeltet. Slik var konferansen meint å støtte arbeidet for ein inkluderande skule, for eit trygt miljø og kampen mot mobbing.

²⁶ <http://www.udir.no/globalassets/filer/tall-og-forskning/forskningsrapporter/statistiske-undersokelser-av-sporsmal-om-mobbing-i-elevundersokelsen.pdf>

²⁷ Eriksen, Ingunn Marie og Lyng, Selma Therese. Skolers arbeid med elevenes psykososiale miljø. Gode strategier, harde nøtter og blinde flekker [Rapport 14/2015]. Nordisk Institutt for studier av innovasjon, forskning og Utdanning.

Skulestartkonferansen er ein viktig møteplass for elevinspektørane. Elevinspektørane har vore sentrale i læringsmiljøarbeidet i nær 20 år i Hordaland. I april 2016 deltok dei fleste av dei på ei samling for å dele erfaringar, utveksle idear og bli kjent med verkøy frå organisasjonen Trygg Læring. I juni 2016 blei kurset «God start» gjennomført. Her var fokuset på førebygging, og skulestartstiltaket VIP Makkerskap blei presentert.

Førebygging av mobbing og korleis bygge inkluderande læringsmiljø er jamleg tema på rådgivar samlingar for grunn- og vidaregåande opplæring i regi av HFK, Bergen kommune og Rådgiverforum i Hordaland. Desse samlingane skal bidra til kompetanseutvikling av rådgivarane.

Skuleåret 2015/16 arrangerte opplæringsavdelinga samling med temaa «Godt læringsmiljø og mekanismer i mobbing» ved Geir Mosand, leiar for skuleteamet i Trondheim kommune og «Kva kan vi gjere for deg? Om skulen som beskyttande faktor og rådgivarane si rolle og moglegeheiter», ved organisasjonen Voksne for barn.

Gjennomsnittleg deltaking på samlingane er 130 rådgivarar frå grunnskulen og dei vidaregåande skulane. Også OT/PPT og NAV blir inviterte til å delta.

Skulehelsetenesta

Skulehelsetenesta er heimla i *Forskrift om kommunenes helsefremmende og forebyggende arbeid i helsestasjon- og skulehelsetjeneste*, og er under kommunane sitt ansvarsområde. Det er kommunen som skal dekke utgifter til helsestasjons- og skulehelsetenesta.

Alle dei vidaregåande skulane har ei ordning med ressursteam. Ressursteamet er eit rettleings- og drøftingsforum for pedagogiske problemstillingar. Teamet skal medverke til å styrke den spesialpedagogiske/pedagogiske kompetansen og ta initiativ til førebyggjande arbeid. Teamet er sett saman av rektor, rådgivar, elevinspektør, lærar med spesialpedagogisk kompetanse, OT/PPT, samt skulehelsetenesta. Dette skapar også ein arena for samarbeid mellom dei fylkeskommunale skulane og den kommunale skulehelsetenesta.

Elevane svarar årleg på spørsmål om i kor stor grad dei er nøgde med skulehelsetenesta.

Er du fornøgd med skulehelsetenesta på skulen?	Svært nøgd	Nøgd	Ganske nøgd	Litt nøgd	Ikkje særleg nøgd
2015	26,02 %	37,21 %	20,89 %	9,19 %	6,69 %
2014	25,00 %	38,21 %	20,95 %	9,40 %	6,44 %
2013	19,62 %	32,53 %	26,79 %	13,70 %	7,36 %

Tabell 20: Skulehelsetenesta 2013-2015. Elevundersøkinga. PULS.

I Elevundersøkinga har det sidan 2013 vore ein auke i del elevar som er nøgd eller svært nøgd med skulehelsetenesta på eigen skule. Over 60 % av elevane rapporterer å vere tilfreds med tilbodet dei har. Det er i underkant av 7 % som ikkje er særleg nøgd. Kva for årsaker som ligg bak, kjem ikkje fram i tilgjengelege data.

Tilbodet i Bergen kommune

I Bergen kommune er det kartlegging av alle elevar i Vg1 som dannar grunnlag for kven skulehelsetenesta skal kalle inn til oppfølging. Denne kartlegginga har vist at ein betre klarar å fange opp elevar som slit og som elles ikkje ville tatt kontakt med skulehelsetenesta. Ei meir tilgjengeleg skulehelseteneste har gjort at fleire tek kontakt og ønsker hjelp og oppfølging. Bemanninga for helsesøstrer i vidaregåande opplæring er opp i mot Helsedirektoratet si norm for tenesta.

Det er ikkje gjort noko evaluering av tilbodet i Bergen. Til tross for at tilbodet er opp mot norma til Helsedirektoratet, er det framleis udekt behov og sakene til tenesta er store og komplekse. Bergen kommune sin nye *Plan for barn og unge i Bergen*, og forslaget om å opne ressurs senter, som også skulehelsetenesta kan vise til, gir på at tilbodet skal famne om fleire.

I tillegg til skulehelseteneste ved alle dei vidaregåande skulane i Bergen, har kommunen eit godt utbygd tilbod med Helsestasjon for ungdom, som er til stades i alle bydelar.

«Innenfor skolen»

Føremålet med prosjektet «Innenfor skolen» er å vidareutvikle samarbeidet mellom skulehelsetenesta og vidaregåande skular i arbeidet med å fange opp elevar med fråvær så tidleg som mogeleg. «Innenfor skolen» er eit utviklingsprosjekt finansiert av Helsedirektoratet og Bergen kommune. I løpet av prosjektperioden er det blitt utvikla konkrete rutinar for samhandling mellom skulehelsetenesta og skulen, samt oppfølging frå skulehelsetenesta av elevar med høgt fråvær. Prosjektet blei avslutta i juni, og prosjektrapporten er under arbeid.

Prosjektskulane som har deltatt i prosjektet er, og som får ein ekstra 15 % ressurs til skulehelsetenesta er Nordahl Grieg vgs, Årstad vgs, Tertnes vgs og Arna vgs.

I vår blei det søkt Helsedirektoratet om nye ressursar for å kunne vidareføre prosjektet. Resultatet gav mogelegheit til å vidareføre eit underprosjekt ut skuleåret 2016/17, der midlane skal gå til å auka ressurs til skulehelsetenesta i prosjektskulane med 15 %. Samtidig skal prosjektet inneverande år ha auka fokus på læringsmiljøet. Derfor er mobbeombodet involvert i prosjektet. Skulane er med vidare med i prosjektet dette skuleåret.

Meir om prosjektet kan ein lese via [Bergen kommune si nettside](#).

Psykolog i vidaregåande skular

For å styrke arbeidet med elevane si psykiske helse, vedtok fylkestinget 8.3.16 å etablere eit forsøk med eit team av psykologar med inntil seks årsverk i dei vidaregåande skulane i fylket. Teamet skal vere eit lågterskeltilbod for elevane og hjelpe skulane i enkeltsaker og med det psykososiale skulemiljøet. Stillingane er lagt til den fylkeskommunale PP-tenesta. Innan oktober 2016 er fem av psykologane tilsett. Teamet vil ha sitt daglege arbeid ute på skulane, og skal vere til disposisjon i prioriterte saker på skulane i fylket. Forsøket varer fram til utgangen av 2018.

Helsefremjande skular

Satsinga på helsefremjande skule er forankra i *Regional plan for folkehelse – Fleire gode leveår for alle 2014–2025, Handlingsprogram 2014–2017*.

Etter oppstart av prosjektet hausten 2015, har dei fire prosjektskulane sett i verk ulike tiltak ut frå satsingsområda fysisk aktivitet, ernæring og psykisk helse.

Alle skulane melder om auka grad av fysiske aktivitetar, både blant elevar og tilsette, mellom anna auka sykkelaktivitet. Kantinetilbodet har fått eit auka fokus, og det har skjedd endring på alle skulane mot ein sunnare profil. Fleire av skulane har endra opningstid, slik at elevane kan få kjøpt frukost før skulen startar. Halvvegs i prosjekt melder skulane om ein auka bevisstheit om samanhengen mellom læring og helse. Samtidig blir det meldt om at det framleis er ein veg å gå for å ansvarleggjere alle.

Prosjektskulane er gitt ressurs til lokal prosjektkoordinator via opplæringsavdelinga, samt ressursar øyremerka til sykkelaktivitet (kultur- og idrettsavdelinga) og ein mindre ressurs til økologisk mat i kantinen (regionalavdelinga).

Jamt over melder skulane om ei positiv endring som viser igjen i skulekvardagen, og dei er positive til å vere ein av dei helsefremjande skulane. Dei understrekar fordelene med å vere i eit nettverk og å kunne delta på fagdagar. I tillegg til kick-off i september, blei det arrangert fagdagar i desember (samarbeid med Nasjonalt senter for mat, helse og fysisk aktivitet), februar og april.

Spesialpedagogisk arbeid

Prinsippet om tilpassa opplæring famnar både ordinær opplæring og spesialundervisning. Elevar som ikkje har eller ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av tilpassa opplæring har individuell rett til spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-1. Opplæringsavdelinga har som mål for spesialundervisninga å:

- sikre høg kvalitet på spesialundervisning, dokumentasjon og sakshandsaming
- sikre eit system for vurdering og oppfølging av elevar med vedtak om spesialundervisning

Omfang av elevar med vedtak om spesialundervisning

Skuleår	Tal	Prosent av totalt elevtal
2012/13	823	4,8 %
2013/14	880	4,9 %
2014/15	841	5 %
2015/16	830	5 %

Tabell 21: Omfang elevar med vedtak om spesialundervisning. NSSU.

Skuleåret 2015/16 fekk 5 % av elevane i dei vidaregåande skulane i Hordaland spesialundervisning. Elevar som får undervisning i tilrettelagte grupper (arbeidslivstrening HTA, kvardagslivstrening HTH og egne grupper HT) utgjer 72 % av elevar med vedtak om spesialundervisning. Elevar som har vedtak om spesialundervisning kan søke om utvida opplæringsrett med inntil to år ekstra for å nå opplæringsmåla sine. I 2015/16 var det 103 elevar som søkte om utvida opplæringsrett, der 79 fekk innvilga retten og 24 fekk avslag.

I 2015/16 har fokusområda for arbeidet med spesialundervisninga vore som følger:

Systemarbeid for spesialundervisning

- Halde ressursteamssamlingar i dei ulike regionane
- Gjennomført IOP-seminar for lærarar som har elevar med spesialundervisning
- Gjennomført faste møte mellom seksjon skule og OT/PPT
- Starta pilotprosjekt på Fyllingsdalen vgs: nettbasert opplæring for elevar som etter sakkunnig vurdering har behov for heimeundervisning grunna fysisk sjukdom
- Utarbeidd samhandlingsrutinar mellom fylkeskommunen, Syns- og audiopedagogisk teneste (SAPT), Statped og NAV Hjelpemiddelsentral
- Ny avtale om syns- og audiopedagogisk teneste mellom fylkeskommunen, kommunane i Hordaland og SAPT til signering haust 2016.
- Skaffa fleire avtalar om arbeidspraksis med vekstbedrifter for elevar som får spesialundervisning i tilrettelagte grupper. Hausten 2015 var det 90 elevar i slik praksis, og våren 2016 var det 107 elevar.

Arbeid med inntak for 1. februar-søkarar

- Mottatt informasjon (meldeskjema) innan 1. oktober frå kommunane om elevar med sterk nedsett funksjonsevne som har fortrinnsrett til inntak. Opplæringsavdelinga nyttar informasjonen i førebuing av opplæringstilbodet for elevar med omfattande tilretteleggingsbehov.
- Gjennomført rådgivarsamlingar for alle ungdomsskulane, vidaregåande skular, og PPT grunnskule i Hordaland i november.
- Talet på søknadar frå elevar med fortrinnsrett og individuell behandling 1. februar er på lag 810. Seksjon skule handsamar søknadene i perioden februar-juni etter inntaksrutinar i samarbeid med skulane og OT/PPT.

Sørvest-samarbeid

Fylkesdirektørane i Sør-vest-samarbeidet (Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Vest-Agder og Aust-Agder) bad gruppa lage framlegg til felles retningslinjer for inntak av elevar som skal ha spesialundervisning. Gruppa fullførte arbeidet våren 2016. Forslaget legg grunnlag for felles forståing og lik praktisering i tråd med lova.

Felles nasjonalt tilsyn

I *Felles nasjonalt tilsyn 2014-2017* konkluderte Fylkesmannen i Hordaland med at Hordaland fylkeskommune ikkje hadde dokumentert eit forsvarleg system, jf. opplæringslova § 13-10, for å sikre at sakshandsaming og enkeltvedtak er i samsvar med regelverket i opplæringslova og forvaltningslova. HFK har etter tilsynet utarbeidd nye retningslinjer og rutinar for å skaffe informasjon om korleis skulane forvaltar enkeltvedtak for elevar med behov for spesialundervisning, punktskriftoplæring, særskilt språkopplæring og teiknspråkopplæring. Det er også utarbeidd nye malar for enkeltvedtak i tråd med lova og forskriftene.

Rapportering på skuleåret 2015/16 for opplæring for barn og unge i barnevernsinstitusjon

I skuleåret 2015/16 var det totalt 104 barn og unge som budde i barnevernsinstitusjon i Hordaland. 75 barn var i grunnskulealder og dei fleste kom frå Bergen og Voss kommune. 17 ungdommar var i vidaregåande opplæring og 12 under oppfølging av oppfølgingstenesta (OT). 21 av dei 104 kom frå andre fylke.

Opplæringstiltak og læringsutbytte

65 av dei 75 elevane fikk vedtak om spesialundervisning, med avvik både frå læreplanane og organisering. Sju elevar hadde fritak frå delar av grunnskuleopplæringa.

Gjennomføring og fråvær

64 av dei 75 elevane fullførte skuleåret HFK hadde opplæringsansvar for, og elleve flytta til anna fylke eller anna tiltak (t.d. fosterheim). Ti av dei 75 elevane hadde stor fråværsproblematikk, og dei fleste hørte til skular i Bergen kommune. Heimeundervisning på institusjon, undervisning i alternativ opplæringsarena og eigen lærar eller assistent er døme på særlege tiltak som blei sett i gang.

Elevar i vidaregåande opplæring og ungdom i oppfølgingstenesta

Totalt 29 ungdommar i barnevernsinstitusjon var i vidaregåande opplæring (17) eller i oppfølgingstenesta (12). Av elevane i vidaregåande opplæring, fullførte 13 elevar skuleåret, medan 3 slutta undervegs, der ein av elevane fekk OT-tiltak etter avbrot. Ein av 17 elevar flytta til eit anna fylke. Av ungdomane i oppfølgingstenesta var fire i tiltak og seks utan. Ein ungdom takka nei til tilbod eller oppfølging. Ein elev var registrert som sjuk.

Det blei utarbeidd nye rutinar for oppfølging av OT-ungdom som bur i barnevernsinstitusjon våren 2016. Samtidig inngikk opplæringsavdelinga ein ny samarbeidsavtale med Bufetat om skule- og opplæringstilbod for barn og unge i barnevernsinstitusjon. Fylkesdirektør opplæring og direktør for Bufetat, region Vest, signerte avtalen våren 2016.

Vidaregåande opplæring for vaksne

Ved inngangen til 2015 stod i alt 39175 hordalendingar mellom 20 og 49 år utan fullført vidaregåande opplæring, fagbrev, anna yrkeskompetanse eller studiekompetanse (SSB). Hordaland fylkeskommune har som hovudmål at fleire vaksne i fylket skal få tilbod om å fullføre vidaregåande utdanning.

Vaksenopplæring

Hordaland fylkeskommune har ansvaret for å legge til rette for at vaksne, som tidlegare ikkje har fullført vidaregåande opplæring, får opplæring til å oppnå studiekompetanse eller fagbrev. Vidaregåande opplæring spesielt tilpassa vaksne er heimla i opplæringslova § 4A-3. Hordaland hadde ved inngangen til skuleåret 2015/16 9 ulike sentre fordelt i heile fylket som driv med rettleiing og opplæring.

Ny vaksenopplæringsstruktur

I samband med skulebruksplanen blei det i fylkestinget 9.6.2015 vedtatt ein ny senterstruktur i vaksenopplæringa. Frå ni ulike sentre, blei det no tre sentre i stor-Bergen (Bergen Katedralskole, Åsane vgs. og Sotra vgs), eitt i Sunnhordland (Stord vgs), samt eitt på Voss/Hardanger (Voss vgs). Det betyr igjen at Lønborg vgs, Årstad vgs, Kvinnherad vgs, Knarvik vgs, og Odda vgs blir nedlagt som vaksenopplæringscenter. Det har vore lagt ned mykje arbeid rundt denne omorganiseringa og innan skulestart 2016/17 var den nye senterstrukturen på plass.

Læringsmiljø og kvalitetssikring

Vaksenopplæringa i Hordaland har, i samarbeid med fylkeskommunane i Sør Vest samarbeidet, ei eiga «elevundersøking» der dei vaksne mellom anna svarar på i kva grad dei er nøgd med undervisninga, det faglege nivået, læringsmiljøet, og om dei blir mobba. Udir jobbar no med ei felles nasjonal elevundersøking for dei som tek vidaregåande opplæring for vaksne. Vi vil då kunne samanlikne resultat på nasjonalt nivå. Kvart år sender kvart vaksenopplæringscenter ein rapport der dei kommenterer resultat frå brukarundersøkinga, samt karakternivå, fråfall og faglege- og organisatoriske utfordringar. Eventuelle problem blir tatt opp med den enkelte skulen.

Kursplassar og fråfall

Skuleåret 2015/16 var det 1686 nye kursplassar i vaksenopplæringa, fordelt på 15 undervisningsstader. Det blei undervist i 24 ulike yrkesfag, samt studiespesialiserande og fellesfag. Sidan det er flest innan helsefaga, skil vi desse ut frå dei andre yrkesfaga.

Fag	2012/13	2013/14	2014/15	2015/16
Studiespesialiserande	534	566	661	682
Helsefag	529	439	470	526
Yrkesfag	242	350	390	445
Totalt vaksne	1335	1355	1521	1686
Sluttarar	178	337	344	340

Tabell 22: Tal på nye kursplassar. Extens.

Omgrepet «gjennomføring» er noko vanskeleg å bruke i vaksenopplæringa av ulike grunnar. For det første er det mange av dei vaksne som deltek som praksiskandidatar – det vil seie at dei må bestå ein tverrfagleg eksamen og så dokumentere fem års relevant praksis for å kunne melde seg opp til fagprøven. Dette betyr at dei ikkje har fullført ønskt kompetanse før fleire år etter at dei har fått undervisning gjennom vaksenopplæringa. For det andre har praksiskandidatane status som privatistar, noko som betyr at dei kan avslutta opplæringa og likevel gå opp til eksamen.

Læringsresultat

I lærefaga tek dei vaksne ein sentralt gitt eksamen for lærlingar og praksiskandidatar i privatistsystemet. Gjennomsnittskarakteren er 3,0. Innan studiespesialiserande fag får dei vaksne både standpunkt-karakter og karakterar frå lokalt gitt eksamen. Tabellane under viser gjennomsnittskarakter innan høvesvis yrkesfag og studiespesialiserande fag og fellesfag i skuleåret 2015/16.

Utdanningsprogram	Snitt 1-6
Naturbruk	5,0
Teknikk og industriell produksjon	3,2
Helse- og oppvekstfag	2,8
Service og samferdsel	3,6
Bygg- og anleggsteknikk	2,5
Restaurant- og matfag	2,6
Snitt alle	3,0

Tabell 23: Snittkarakterar yrkesfag. Extens.

Utdanningsprogram	Snitt 1-6
Studiespesialiserande	3,81
Eksamen, alle fag	3,06

Tabell 24: Snittkarakterar ST-fag. Extens.

Ulike fag tiltrek seg også ulike vaksne med ulik bakgrunn. Vaksenopplæringa består soleis av ei variert gruppe vaksne med ulik bakgrunn, motiv og erfaringsgrunnlag. Nokre grupper har til dels låge eksamensresultat og høg strykporsent.

Nytt i skuleåret 2015/16

Full opplæring

Tradisjonelt har vaksenopplæringa hatt mest undervisning i praksiskandidatordninga for dei som ønsker fagbrev. Dette fordi søkarane har hatt arbeidserfaring i faget og då er denne ordninga den beste løysinga for dei vaksne. I dei seinare åra har det kome stadige fleire søkarar utan relevant arbeidserfaring. Vaksenopplæringa har derfor starta opp undervisning der dei vaksne kan få undervisning for heile programområdet, då i helsefaga barne- og ungdomsarbeidarfaget og helsefagarbeidarfaget, samt innan tømrarfaget og elektrikarfaget.

Full opplæring i elektrikarfaget er retta mot søkarar som ikkje har yrkeserfaring som fører fram til fagbrev. Det har vore stor søking til faget som starta ved Årstad videregående skole hausten 2015. Utdanningsopplegget har tre dagar undervisning per veke i to år, og så to og eit halvt år læretid. Dette er eit tilbod som vi ser fleire vaksne ønsker og som vil bli utvida i tida framover. Utdanninga har tradisjonelt vore tilpassa vaksne med erfaring frå eit yrke, medan full opplæring for vaksne utan yrkeserfaring har vore etterspurd i lang tid.

Aukande interesse for agronomstudiet

I ei tid der færre ungdomar vel ei utdanning innan landbruk, aukar interessa frå dei vaksne. Mange overtek garden i vaksen alder, men manglar utdanning på fagfeltet. Hordaland fylkeskommune har starta opp agronomutdanning på Stend vgs med helgesamlingar og innleveringar på nett.

Det første kullet med nettstudentar starta i 2011. Den gongen var det omtrent ikkje fleire søkarar enn det var plassar. Til årets førsteklasse var det meir enn 50 søkarar. Hjeltnes vgs i Ulvik tilbyr gartnarutdanning, omtrent etter den same oppskrifta som på Stend vgs.

VOPA innan akvakultur

I 2015 gikk startskotet for eit prosjekt innan akvakultur med vidaregåande opplæring på arbeidsplassen (VOPA). Målgruppa er tilsette i havbruksnæringa med minst eitt års relevant praksis, fem års generell yrkeserfaring og minimum 50 prosent stilling. Ved oppstart blir søkarane realkompetansevurdert og får ein personleg opplæringsplan som gir grunnlag for den enkelte si opplæring. Dei vil då veksle mellom teoriundervisning på skule og oppfølging av faglærar og instruktør på arbeidsplassen. Prosjektet gir også etterutdanning til instruktørar for at heile fagområdet i verksemda skal få eit løft.

VOPA i helsefaga

Modellen er prøvd ut innan helse- og oppvekstfaga sidan 2012 som del av eit nasjonalt forsøksprosjekt på opplæringstilbod tilpassa vaksne. I 2015 var det 48 deltakarar som fullførte VOPA med fagbrev fordelt på helsearbeidarfaget (29) og barne- og ungdomsarbeidarfaget (18). I tillegg blei 23 deltakarar realkompetansevurdert og fekk opplæring i dei læreplanmåla der dei mangla kompetanse.

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen

Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no

www.hordaland.no

Oktober 2016. Opplæringsavdelinga.